

MASFJORDEN KOMMUNE

Møtebok for Kommunestyret

Den 31.10.2013 kl 14:00 – 18.15 , heldt Kommunestyret møte på Kommunehuset.

Følgjande saksnummer vart handsama i møtet: 049/13 - 060/13

Innkalling til møtet var sendt ut **elektronisk den 25.10.2013.**

Desse møtte:

Arbeiderpartiet:	Høgre:	Senterpartiet:
Ragnvald Tangedal	Karstein Totland, ordførar	Vigdis Jorunn Søvik
Birger Wergeland (vara)	Frode Langhelle	Geir Egil Haugsvær (vara)
Bjørn Egil Nordland	Vebjørn Haugsdal (vara)	
	Maja Aven Dahle (vara)	
	John Torgeir Torsvik	
	Wenke Fredheim Ekren	
FORFALL:	FORFALL:	FORFALL:
Arthur Reidar Sjursen	Kjetil Fjellby	Jon Terje Sætre
	Lene Hansen Kvamsdal	

Kristeleg Folkeparti:	Framstegspartiet:	Venstre:
Marit Steinestø, varaordførar	Willy Borge	Øystein B. Strand (vara)
Siri Kratzmeier (vara)	Erlend Kvamsdal	Tove K. Sleire Tistel
FORFALL:	FORFALL:	FORFALL:
Lillian Andvik		Egil Kvingedal

Frå administrasjonen møtte:

Rådmann Svein Helge Hofslundsengen
Ass. Rådmann Sveinung Toft
Konsulent Gerd Allis Håheim
Rådgjevar Alf Strand

[Skriv inn tekst] [Skriv inn tekst] [Skriv inn tekst]

Ugilde	Sak	Følgjande varamedl. møte

Møteleiar:	Ordførar Karstein Totland
Utlevert i møtet:	Hefte frå LVK: Kraft og kommunar – grunnbok ok kraftkommunar
Orientering:	Kaare-Andreas Krog frå IMDI Vest orienterte i samband med oppmoding om å ta imot flyktningar
Sp.mål/interpell.:	Spørsmål frå John Torsvik og Øystein B. Strand kome på epost same dag
Synfaring:	

[Skriv inn tekst] [Skriv inn tekst] [Skriv inn tekst]

Innkallinga vart godkjent.

Willy Borge spurde om sakspapira også kunne sendast på den private epostadressa og ikkje berre på masfjorden.kommune.no. Det vil og vera bra om det vart sendt sms melding når sakspapira var lagt ut på heimesida.

Ordførar Karstein Totland svara at dette skulle bli gjort.

Sakslista vart godkjent.

Ordførar Karstein Totland gjorde framlegg om Bjørn Egil Nordland og Vebjørn Haugsdal til å skriva under møteprotokollen.

Samrøystes vedteke.

Sakliste

Sak nr.	Arkivsaknr	Sakstittel	Sidetal
049/13	13/618	Godkjenning av møteprotokoll	4
Sak nr.	Arkivsaknr	Sakstittel	Sidetal
050/13	12/682	Spørsmål - interpellasjonar til kommunestyremøte 31.10.2013	5
Sak nr.	Arkivsaknr	Sakstittel	Sidetal
051/13	12/685	Busetting av flyktningar - oppmoding om busetting 2012 - 2014	6
Sak nr.	Arkivsaknr	Sakstittel	Sidetal
052/13	13/531	Kommunedelplan for helse - omsorg og sosial 2014 - 2026	8
Sak nr.	Arkivsaknr	Sakstittel	Sidetal
053/13	08/629	Sluttrapport nytt økonomi- og personalsystem	8
Sak nr.	Arkivsaknr	Sakstittel	Sidetal
054/13	10/880	Samarbeid med Gulen kommune om stilling i barnevernet	10
Sak nr.	Arkivsaknr	Sakstittel	Sidetal
055/13	13/234	Kraftspela 2013	12
Sak nr.	Arkivsaknr	Sakstittel	Sidetal
056/13	13/594	Kraftfondsbudsjettet for 2014	16
Sak nr.	Arkivsaknr	Sakstittel	Sidetal
057/13	10/504	Reguleringsendring for Fagerbotn hyttefelt - Stordalen - godkjenning av plan	19
Sak nr.	Arkivsaknr	Sakstittel	Sidetal
058/13	10/759	Reguleringsplan for Rørdalen hyttefelt, Stordalen - godkjenning av plan	21
Sak nr.	Arkivsaknr	Sakstittel	Sidetal
059/13	13/617	Skriv og meldingar	23
Sak nr.	Arkivsaknr	Sakstittel	Sidetal
060/13	13/616	Delegerte vedtak	25

MASFJORDEN KOMMUNE

Sakspapir

SAKSGANG			
Politisk organ	Møtedato	Saksnr	Sakshands.
Kommunestyret	31.10.2013	049/13	Gerd Allis Håheim

Arkiv: N-	Arkivsaknr.: 13/618
-----------	---------------------

SAK 049/13 - GODKJENNING AV MØTEPROTOKOLL

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Møteprotokollen frå kommunestyre den 31.10.2013 vert godkjent slik han ligg føre.

KS-049/13 VEDTAK:

Møteprotokollen frå kommunestyret den 19.09.2013 vert godkjent slik han ligg føre.

[Skriv inn tekst] [Skriv inn tekst] [Skriv inn tekst]

Det skjedde i Kommunestyret den 31.10.2013:

Vigdis Søvik, Sp, hadde merknad til møteprotokollen frå 19.09.2013 under sak 044/13 Skriv og meldingar der ho stilte spørsmål om utbygging av bustadfeltet i Ytre Haugsdal.

Spørsmålet var stilt slik:

Med bakgrunn i mangel på byggeklare tomter i Nordbygda, vil eg oppfordra kommunen v/teknisk etat å ta kontakt med grunneigar i Ytre Haugsdal ang. Regulerte tomte der, evt. tilby hjelp til å koma vidare.

Ordførar Karstein Totland svara at dette skulle bli retta opp i møteboka.

Røysting:

Skriv og meldingar vart samrøystes teke til orientering.

MASFJORDEN KOMMUNE

Sakspapir

SAKSGANG			
Politisk organ	Møtedato	Saksnr	Sakshands.
Kommunestyret	31.10.2013	050/13	Karstein Totland

Arkiv: N-022.1, N-PERM	Arkivsaknr.: 12/682
------------------------	---------------------

SAK 050/13 - SPØRSMÅL - INTERPELLASJONAR TIL KOMMUNESTYREMØTE 31.10.2013

Spørsmål / interpellasjonar:

Bakgrunn:

I samband med handsaming av reglement for kommunestyret gjorde ordførar framlegg om at ein i kvart kommunestyremøte starta med sak som omhandla spørsmål til kommunestyret.

Saka vert oppretta som fyrste sak sjølv om det i utgangspunktet ikkje har kome inn spørsmål eller interpellasjonar. Kommunestyremedlemmene vil då verta minna på at om de har spørsmål må dei koma med dei skriftleg.

I § 19 d) står det at spørsmål og interpellasjonar skal handsamast tidleg i møtet, men skriv og meldingar vert handsama tilslutt i møtet.

KS-050/13 VEDTAK:

[Skriv inn tekst] [Skriv inn tekst] [Skriv inn tekst]

Ingen interpellasjonar kom inn på førehand.

Det skjedde i Kommunestyret den 31.10.2013:

Spørsmåla som var kome inn på epost same dag som møtet er blitt ført under sak 59/13 Skriv og meldingar.

MASFJORDEN KOMMUNE

Sakspapir

SAKSGANG			
Politisk organ	Møtedato	Saksnr	Sakshands.
Formannskapet	22.10.2013	059/13	Ørnulf Lillestøl
Kommunestyret	31.10.2013	051/13	Ørnulf Lillestøl

Arkiv: N-391

Arkivsaknr.: 12/685

SAK 051/13 - BUSETTING AV FLYKTNINGAR - OPPMODING OM BUSETTING 2012 - 2014

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Masfjorden kommune ser ikkje at situasjonen har endra seg sidan i fjor då ein avslå å ta i mot flyktningar for perioden 2012 – 2014.

Formannskapet vurderer det slik at det heller ikkje er mogeleg å ta i mot flyktningar i perioden 2012 til 2016 som IMDI no ber om.

Finansiering

Heimel

FS-059/13 VEDTAK:

[Skriv inn tekst] [Skriv inn tekst] [Skriv inn tekst]

Masfjorden kommune ser ikkje at situasjonen har endra seg sidan i fjor då ein avslo å ta i mot flyktingar for perioden 2012 – 2014.

Formannskapet vurderer det slik at det heller ikkje er mogeleg å ta i mot flyktingar i perioden 2012 til 2016 som IMDI no ber om.

Det skjedde i Formannskapet den 22.10.2013:

Ordførar Karstein Totland orienterte om saka.

Saka vart drøfta.

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

KS-051/13 VEDTAK:

Masfjorden kommune ser ikkje at situasjonen har endra seg sidan i fjor då ein avlo å ta i mot flyktingar for perioden 2012 – 2014, men ynskjer å sjå nærare på moglegheiter og behov i vår kommune for å integrere flyktingar i framtida.

Det skjedde i Kommunestyret den 31.10.2013:

Kåre Andreas Krog møtte frå IMDI for å orientera i høve oppmoding til kommunane om å ta i mot flyktingar. Det vart og orientert om kva tilskot kommunane får frå Staten ved mottak av flyktingar.

Saka vart drøfta.

Kommunestyret var positive til vidare utgreiing av saka og det kom ein del gode innspel som administrasjonen kan ta med seg vidare i arbeidet med å finna ut kva ressursar som må til og korleis kommunen kan løysa bustadspørsmålet dersom det skulle bli aktuelt å ta i mot flyktingar. Det kom og spørsmål om blant anna om Einekavane kunne vera aktuell å spela på lag med viss det skulle bli aktuelt.

Rådmann Svein Helge Hofslundsengen orienterte om Matretunet og bustadane som er under bygging der, og som skal vere klar til 1.2.2014. Kommunen har selt to, men har att to, og desse kan ein evt. vurdere å bruke til føremålet og at ein kan utgreie evt. mottak nærare.

Tove Kristin S. Tistel, V; sette fram framlegg på eit tilleggspunkt:

[Skriv inn tekst] [Skriv inn tekst] [Skriv inn tekst]

Masfjorden kommune ser ikkje at situasjonen har endra seg sidan i fjor då ein avslo å ta i mot flyktningar for perioden 2012 – 2014, men ynskjer å sjå nærare på moglegheiter og behov i vår kommune for å integrere flyktningar i framtida.

Det var 16 representantar til stades under avrøystinga.

Røysting:

Kommunestyret vedtok samrøystes framlegget frå Venstre.

.

SAKSTILFANG:

Nr	T	Brevdato	Avsender/Mottakar	Tittel
6	I	15.04.2013	Redd Barna	Oppfordring til kommunestyret om busetting av flyktningebarn
7	I	14.05.2013	Integrerings- og mangfoldsdirektoratet	Oppmoding om busetting av flyktningar 2014-2016

SAKSUTGREIING:

BAKGRUNN

Masfjorden kommune fekk brev frå Integrerings- og mangfoldsdirektoratet (IMDI) den 05.10.2012 med oppmoding om å ta imot 15 flyktningar i perioden 2012-2014.

Saka vart då handsama av formannskapet og kommunestyret som gjorde dette vedtaket:

KS-109/12 VEDTAK I KOMMUNESTYRET:

Masfjorden kommune vurderer det slik at det ikkje er mogeleg å ta imot flyktningar i perioden 2012-2014.

Den 14.05.2013 kom det nytt brev frå IMDI med oppmoding om busetting av flyktningar i 2014 til 2016.

Bakgrunnen for denne siste førespurnaden er å ta imot 10 nyss ankomne flyktingar for busetting i 2014. I tillegg ber dei om at minst 10 nyss komne flyktningar får busetja seg i kommunen kvart år i 2015 og i 2016.

Busetjing av flyktningar skjer i samarbeid mellom stat og kommune Dette samarbeidet er

nedfelt i ein eigen samarbeidsavtale mellom Kommunenes Sentralforbund (KS) og Arbeids- og inkluderingsdepartementet. Busetjing av flyktningar er ei permanent kommunal oppgåve, men tal flyktningar som skal busetjast vil variere frå år til år.

FAKTA

Det er ei stor mogelegheit og samstundes ei stor utfordring knytt til spørsmålet om busetjing av flyktningar i ein liten kommune. Masfjorden kommune har som sentral målsetjing å auka folketalet. Her kan liggja ei mogelegheit for oss, sjølv om det ikkje er gjort med enkle grep å lukkast med å ta imot flyktningar.

Det vert opplyst at ca 80 % av dei som kjem, er einslege, både kvinner og menn. Dei kommunane som skal busetje flyktningar for første gong, får personar som kjem frå flyktingemottak. Dei største gruppene som skal integrerast no, er frå Somalia og Eritrea. Det blir lagt vekt på at personar frå same land/område vert utplassert i same kommune. Det må takast høgde for at det etter ei tid vert familiegjenforeining.

Sentrale tema som må utgreiast nærare :

- Bustadar – korleis skaffe nok bustader? Det er tidvis stram bustadmarknad i Masfjorden, både privat og kommunal. Må det byggjast nye kommunale bustader ?
- Introduksjonsprogrammet gir rettar og plikter til nyankomne mellom 18 og 55 år som har behov for grunnleggjande kvalifisering. Programmet kan vare i inntil 2 år og vert gjeve berre ein gong til kvar person. Dersom personen avbryt eller flyttar til annan kommune, vert det ikkje gjeve nytt tilbod. Programmet skal gje grunnleggjande ferdigheiter i norsk, og grunnleggjande innsikt i norsk samfunnsliv, samt førebu deltakarane for yrkeslivet. Plikta til kommunen er ein totalpakke av integrering som innebær 37,5 timar aktivt program pr. veke. Dette inkluderer språkopplæring, arbeidstrening, og andre aktivitetar som har som målsetjing å fremje sjølvstende og uavhengighet for den enkelte. Programmet må være sett i gong innan 3 månader etter ankomst til kommunen.
- Arbeid – pr i dag er det svært begrensa lokale moglegheiter. Korleis få til arbeidstreningssopplegg ?
- Integreringshjelp – motor i arbeidet med å få til eit vellukka mottaks- og oppfølgingsapparat – eigen stilling eller tillagt eksisterande?.
- Helsetenester (lege – psykiatri osv) Det vert opplyst at fleirtalet av flyktingane ikkje er merkbart krigs- og fluktskada, men det er sjølvstekt unnatak. For dei aller fleste er helsetilstanden deira slik at det ikkje er til hinder for ulik form for aktivitet. Dei som har kome fort i arbeidstiltak, har luktast best.
- Det kan trengast tolketeneste.
- Det vert tilrådd å etablere samarbeidsrelasjonar til andre kommunar som har gjennomført busetjing av flyktingar.

Om det vert aktuelt å ta i mot flyktingar til busetjing, må det setjast ned ei gruppe for å arbeide grundigare med alle desse problemstillingane og fleire til. Gruppa må minimum være samansett av administrasjon/flyktingekonsulent, NAV, skule, lege + psykiatri, og andre som i periodar kan vere relevante.

Økonomi:

Utgifter til busetjing av flyktingar har vore dekkja over det statlege integreringstilskotet pr

motteken flykting fordelt over 5 år. I rundskriv frå IMDi står følgjande om finansiering:

Tilskuddet skal bidra til at kommunene gjennomfører et planmessig og aktivt bosettings- og

integreringsarbeid, med sikte på at de bosatte skal komme i jobb og greie seg selv.

Erfaringene viser at et godt arbeid de første årene bidrar til lavere utgifter i årene etter at tilskuddet er falt bort.

[Skriv inn tekst] [Skriv inn tekst] [Skriv inn tekst]

Integreringstilskuddet skal sammen med bl.a. tilskudd til opplæring i norsk og samfunnskunnskap for voksne innvandrere (kap. 651, post 61), finansiere kommunenes gjennomsnittlige utgifter til introduksjonsordningen for nyankomne innvandrere. Integreringstilskuddet skal dekke kommunenes gjennomsnittlige utgifter i bosettingsåret og de fire påfølgende år til bl.a. innvandrers- og flyktningkontortjenester,

bolig- og bolig-administrasjonstjenester, sysselsettingstiltak, yrkeskvalifisering,

arbeidstrening, sosialkontortjenester, sosialhjelp, barneverntjenester, tolketjenester,

barnehagetjenester, helsetjenester, kultur- og ungdomstiltak.

Integreringstilskotet er (i 2012) kr. 156.500 pr voksen dei to første år, og deretter synkende til hhv kr 135.00, 80 og 70.000 kr dei neste åra. Totalt kr 598.000 fordelt over 5 år for voksne over 18 år. Litt høgare sum for dei som vert definert som einsleg vaksen. I tillegg kjem mindre eingongssummar som barnehagetilskot (kr. 21.800) eldretilskot (kr. 143.000) og skuletilskot (kr. 11.000) . Personar som får vedtak om familieinnvandring med ein person som har opphald på humanitært grunnlag utløyser integreringstilskot i 3 år.

Kva vil kosta pengar? : Språkopplæring, integreringsarbeid og arbeidsopplæring. Det har vore samarbeid på tvers av kommunane i Nordhordland om språkopplæring.

Flyktningane har rett til introduksjonsstønad. Stønaden tilsvarar to gonger folketrygda sitt grunnbeløp (2G er f.t. kr 164.244) Deltakarar under 25 år mottek 2/3 stønad. Erfaring tilseier at det tidvis vert naudsynt å gje litt supplerande sosialstøtte.

Det vert også gjeve tilskot til opplæring i norsk og samfunnskunnskap med ca kr. 130.000 pr. person fordelt over 5 år.

Flyktningane vert folkeregistrert i den kommunen dei får opphald i, og vil gje utteljing i rammeoverføringane.

Bustad: Slik den kommunale bustadsituasjonen er i dag, er det ikkje tilgjengelege bustader i det omfang som det vert trong for, om ein skal gjera positivt vedtak om å ta imot flyktningar.

Husbanken har tilskotsordningar for utleigebustader for dei som er vanskelegstilte på bustadmarknaden, der bustadtiltak til flyktningar er høgast prioritert. Husbanken har ein simuleringsmodell for lån og tilskot, der ein kan leggja inn ulike føresetnader. Med ein modell med 8 einingar i fellesprosjekt med ei total kostnadsramme på 20 mill, vil Husbanken kunne tilby lån og tilskot, som vil gje årlege kostnader for kommunen på om lag 0,5 mill.

VURDERING

Kva skal til for å lukkast med å ta imot flyktningar ? Klarar Masfjorden kommune å stilla opp med dei kvalitetar og ressursar som gjer det mogeleg for flyktningar å finna seg til rette her? Kan kommunen sjå på at så mange vert sitjande i asylmottak etter at dei har fått opphaldsløyve, utan at kommunane er i stand til å ta i mot dei?

Det må gjerast eit godt og grundig forarbeid på alle område, både i forhold til bustad, språk- og arbeidsopplæring og anna aktivitet. Lokalsamfunnet må informerast og gjerast i stand til å vera aktivt med slik at det vert ein positiv prosess og godt resultat. Masfjorden kommune har erfaring med å ta imot flyktningar frå perioden 2000/2001. Gruppa vart då utvalt i samarbeid med flyktingemottaket slik at vi kunne ta imot personar og familiar vi trudde ville finne seg til rette i Masfjorden. Erfaringa tilseier at det er ei krevjande oppgåve å sikre stabilitet og trivsel for desse gruppene. Det er også forskjellig frå å vere flyktning og frå ein heilt annan kultur. Det at kommunen er så liten, kan gje like mange fordelar som ulemper på korleis ein klarar å få til eit godt integreringsarbeid. Uansett vil det krevja ein stor innsats å få til ein vellukka prosess med opptil 15 nye innbyggjarar. Førspurnaden gjeld 15 personar, men tilbakemeldinga kan vere heilt annleis – frå 0 til 15!

Mottak av flyktningar vil kunne representere positiv tilvekst, men generere få arbeidsplassar. Det vert tilrådd å samle språkopplæring for fleire kommunar. Slik det er i dag, har Lindås kommune opplæring for Lindås, Radøy og Meland. Ein flyktingekonsulent som motor i arbeidet trengs, iallfall for ein periode. Moglegheiter og utfordningar for lokalt næringsliv ligg i å få arbeidskraft, då praktisk språkopplæring og integrering i arbeidsliv må vere ein del av pakken.

Slik situasjonen er i dag, er det bustadutfordringa som kanskje er størst. Det er få husvære ledige, både privat og kommunalt, og ein ev. byggeprosess tek tid. Det vert tilrådd at dersom det er einslege flyktningar, vil det vere praktisk å busetje i ein form for bufelleskap. Arbeidsmarknaden er begrensa, og med dei krav som ligg til grunn i integreringsordninga, vil det krevjast ein betydeleg innsats. Økonomien i mottak av flyktningar er fastlagt, og gjev ikkje veldig stort handlingsrom.

Med samla vurdering av dei ulike sider i saka, ser det ut som dette kan bli i overkant stor utfordring for oss, og i tillegg ei økonomisk uvisse.

KONKLUSJON

Masfjorden kommune ser ikkje at situasjonen har endra seg sidan i fjor då ein av slo å ta i mot flyktningar for perioden 2012 – 2014.

Formannskapet vurderer det slik at det ikkje er mogeleg å ta i mot flyktningar i perioden 2012 til 2016 som UDI no ber om.

MASFJORDEN KOMMUNE

Sakspapir

SAKSGANG			
Politisk organ	Møtedato	Saksnr	Sakshands.
Kommunestyret	31.10.2013	052/13	Sveinung Toft

Arkiv: N-101.5	Arkivsaknr.: 13/531
----------------	---------------------

SAK 052/13 - KOMMUNEDELPLAN FOR HELSE - OMSORG OG SOSIAL 2014 - 2026

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

”I medhald av plan- og bygningslova § 4-1 og § 11-13 vert planprogram dagsett 29.08.2013 for kommunedelplan helse, omsorg og sosial 2014 – 2026 godkjent.

Kommunestyret sluttar seg til at kommunedelplan for helse, omsorg og sosial i medhald av plan- og bygningslova § 11-1 og § 11-12 vert starta opp.

Finansiering

Behov for frikjøp og ekstern konsulent vert å drøfta i samband med budsjettarbeidet for 2014.

Heimel

Plan – og bygningslova

[Skriv inn tekst] [Skriv inn tekst] [Skriv inn tekst]

KS-052/13 VEDTAK:

”I medhald av plan- og bygningslova § 4-1 og § 11-13 vert planprogram dagsett 29.08.2013 for kommunedelplan helse, omsorg og sosial 2014 – 2026 godkjent.

Kommunestyret sluttar seg til at kommunedelplan for helse, omsorg og sosial i medhald av plan- og bygningslova § 11-1 og § 11-12 vert starta opp.

Det skjedde i Kommunestyret den 31.10.2013:

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

SAKSTILFANG:

Nr	T	Brevdato	Avsender/Mottakar	Tittel
2	I	30.08.2013	Sveinung Toft	Helseplan planprogram framlegg av 29. August 2013
3	U	13.09.2013	sjå adresseliste	Kunngjering om oppstart av kommunedelplan for helse, omsorg og sosial 2014 - 2026
4	U	13.09.2013	Avisa Strilen	Kunngjering kommunedelplan for helse, omsorg og sosial 2014 - 2026
5	U	16.09.2013	Sjå adresseliste	Melding om politisk vedtak - Kommunedelplan for helse - omsorg og sosial 2014 - 2026

SAKSUTGREIING:

FAKTA

For alle kommuneplanar er det krav om utarbeiding av planprogram, jf plan- og bygningslova sin §4-1 og §11-13. Planprogrammet skal gjere greie for føremålet med planarbeidet, planprosessen med fristar og deltakarar, opplegg for medverknad særskilt for grupper som vert omfatta og kva som skal utgreiast i planarbeidet

Planprogrammet skal liggje til grunn for utarbeiding av planforslag for kommunedelplan helse, omsorg og sosial. Hovudmålsettingane som er kome med i planprogrammet er teke frå kommuneplanen sin samfunnsdel, i tillegg er det formulert ulike faglege mål og strategiar.

I framlegg til planprogrammet ønskjer kommunen å synleggjere målet om å laga ein heilskapleg og overordna plan for helse, sosial og omsorg. Det vert samstundes tydeleggjort at ein ønskjer ein breid medverknad i planprosessen.

Både det som vert omfatta av planen og kva som ikkje skal vera tema, er etter rådmannen si vurdering tydeleggjort. Folkehelse er eit sektorovergripande tema som bør inngå i alt planarbeid i kommunen. Folkehelseprinsippet, t.d. i form av førebyggjande tenking vil vere eit viktig prinsipp i planen, men denne kommunedelplanen vil ikkje vere ein heilskapleg folkehelseplan

Formannskapet hadde framlegg til planprogram til handsaming i sak 053/13 den 09.09.2013, og gjorde då følgjande samrøystes vedtak:

”I medhald av plan- og bygningslova § 4-1 og § 11-13 vert planprogram for kommunedelplan helse, omsorg og sosial 2014 – 2026 sendt på høyring.

Kommunedelplan for helse, omsorg og sosial vert i medhald av plan- og bygningslova

§ 11-1 og § 11-12 kunngjort starta opp.

Saka vart deretter sendt på høyring i brev av 13.09.13 og kunngjort i lokalavis og på kommunen si heimeside med frist 26.10.13 for å koma med merknad. Det er per dagsett dato ikkje kome merknad til innhaldet i planprogrammet.

Framdrift og organisering

Planprogrammet legg opp til at formannskapet vert oppnemnd som styringsgruppe, og at hovudtyngda av arbeidet vert organisert og leia i ei prosjektgruppe samansett av fire administrative fagpersonar og rådmann. I tillegg vert det oppnemnt ei ressursgruppe med deltakarar frå fleire fagmiljø, tillitsvalde og brukargrupper. Det vert og lagt opp til to offentleg møter, eitt relativt tidleg i planprosessen og eitt møte før planen vert endeleg godkjent. Behov for ulike arbeidsgrupper vil verta avgjort seinare i planarbeidet.

Det kan vera aktuelt med kjøp av ekstern konsulent til å gjera spesielle oppgåver knytt til planarbeidet. Storleiken av dette vil verta drøfta i budsjettprosessen for 2014 eller som eiga sak.

Sjølve kommunedelplanen bør vera godkjent i laupet av 2014.

RÅDMANNEN SI VURDERING

Høyringa av planprogrammet kunne gje grunnlag for å føreslå endring i måten å organisera arbeidet på og til sjølve innhaldet i planarbeidet, samt framdriftsplanen. Sidan det ikkje er kome merknader knytt til innhaldet i planprogrammet, rår rådmannen til at kommunestyret sluttar seg til planarbeidet, og godkjenner planprogrammet av 29.08.2013 for kommunedelplan for helse, omsorg og sosial for perioden 2014 – 20126

MASFJORDEN KOMMUNE

Sakspapir

SAKSGANG			
Politisk organ	Møtedato	Saksnr	Sakshands.
Formannskapet	22.10.2013	064/13	Svein Helge Hofslundsengen
Kommunestyret	31.10.2013	053/13	Svein Helge Hofslundsengen

Arkiv: N-036

Arkivsaknr.: 08/629

SAK053/13 - SLUTTRAPPORT NYTT ØKONOMI- OG PERSONALSYSTEM

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Sluttrapport i samband med innføring av nytt økonomi- og personalsystem vert teken til vitring.

Finansiering

Tiltak gjennomført innafor netto budsjetttrammer

Heimel

Økonomireglementet

FS-064/13 TILRÅDING TIL KOMMUNESTYRET:

[Skriv inn tekst] [Skriv inn tekst] [Skriv inn tekst]

Sluttrapport i samband med innføring av nytt økonomi- og personalsystem vert teken til vitring.

Det skjedde i Formannskapet den 22.10.2013:

Rådmann Svein Helge Hofslundsengen orienterte.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak vart samrøystes tilrådd overfor kommunestyret.

KS-053/13 VEDTAK:

Sluttrapport i samband med innføring av nytt økonomi- og personalsystem vert teken til vitring.

Det skjedde i Kommunestyret den 31.10.2013:

Formannskapet si tilråding vart samrøystes vedteke.

SAKSTILFANG:

Nr	T	Brevdato	Avsendar/Mottakar	Tittel
2	I	06.10.2008	Ergo Group AS	Tilbud på oppgraderingsprosjekt frå AGR 54 til AGR 55 + tilbud på lisensar og tenester for fakturaskanning
3	I	06.10.2008	Ergo Group AS	Pristilbud på AGR Lønn
4	I	06.10.2008	Ergo Group AS	Nytt tilbud - Vedr. priser på AGR lønn, fakturaskanning mv.
6	I	24.06.2009	Masfjorden kommune	Tilbudsopning av 2 innkomne tilbud på Nytt økonomi- og personalsystem
10	I	21.08.2009	Visma	Tilbud fra Visma
14	I	25.08.2009	Halle Nils Ingvald	Forlenga tilbudsfrist og avtale om dag for presentasjon
15	I	25.08.2009	ErgoGroup v/Ottar Sverre Bakken	Stadfesting av forlenget tilbudsfrist og avtale om dag for presentasjon til 5. nov. 2009
11	I	26.08.2009	Visma v/Torbjørn Emblem	Forlenget tilbudsfrist og avtale om dag for presentasjon
13	I	10.09.2009	Visma	Savner info - Tilbud fra Visma
17	I	17.09.2009	Visma v/Torbjørn Emblem	Oppfølging etter demo den 11092009 i Masfjorden kommune.
20	I	18.10.2009	Visma	Avklaringer/oppfølging vedr tilbudet - jf mail av 2.oktober 2009 fra Masfjorden kommune
21	I	18.10.2009	ErgoGroup v/Ottar Sverre Bakken	Innspelt frå ErgoGroup som grunnlag for forhandlingsmøte + oppfølgingspunkter
22	I	25.10.2009	ErgoGroup v/Ottar Sverre Bakken	Oppdatering frå ErgoGroup etter forhandlingsmøtet 21. oktober
27	I	26.10.2009	Visma Unique	Revidert tilbud fra Visma Unique
23	I	26.10.2009	Visma Unique	Revidert tilbud fra Visma Unique
12	I	26.10.2009	Visma	Tilbud fra Visma - med vedlegg bilag 8 A og Bilag 8 B
9	I	26.10.2009	Halle Nils Ingvald	Forlenget tilbudsfrist og avtale om dag for presentasjon
18	U	27.10.2009	Visma Unique	Innkalling til Forhandlingsmøte + oppfølgingspunkt
19	U	27.10.2009	ErgoGroup	Innkalling til forhandlingsmøte + oppfølgingspunkt
16	U	27.10.2009	Halle Nils Ingvald	Svar på - forlenget tilbudsfrist og avtale om dag for presentasjon
24	I	27.10.2009	Halle Nils Ingvald	Ber om stadfesting på forlenga tilbudsfrist på Nytt økonomi- og personalsystem til 1. des.09
25	I	27.10.2009	ErgoGroup	Stadfesting frå ErgoGroup på forlenga tilbudsfrist
26	I	27.10.2009	Visma Unique	Stadfesting frå Visma på forlenget tilbudsfrist på Nytt økonomi- og personalsystem
31	I	24.02.2010	Ergo Group As	Anbudsprosess og valg av leverandør

[Skriv inn tekst] [Skriv inn tekst] [Skriv inn tekst]

30	U	12.03.2010	Ergo Group AS	av nytt økonomi-, lønn- og personalsystem Anbudsprosess og avgjerd kring leverandør av nytt økonomi-, løn- og personalsystem
32	U	16.04.2010	Ergo Group As	Anbudsprosess og valg av leverandør av nytt økonomi-, lønn- og personalsystem
33	U	11.03.2011	adr.liste	Informasjon til Masfjorden kommune sine leverandører
35	I	16.10.2013	Nordhordland Revisjon IKS	Revisjonsuttale sluttregneskap for innføring av fagsystem på økonomi - Lønn - HRM - VISMA
36	I	16.10.2013	Svein-Helge Hofslundsengen	Sluttrapport for Innføring Visma, prosjektregneskap og revisjonsuttale vedlagt

SAKSUTGREIING:

BAKGRUNN

Økonomireglementet

Høyring

UTTALE

Kontrollutvalet

Prosjektrekneskap – Visma - innføring av fagsystem på økonomi, lønn og HRM

Saksvedlegg: Revisjonsuttale prosjektrekneskap – Visma - innføring av fagsystem på økonomi, lønn og HRM

Prosjektet har hatt noko høgare kostnader enn budsjettert, men inntektene til projektet har vore enda høgare slik at nettokostnaden for kommunen er litt lågare enn budsjettert.

Samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet tek prosjektrekneskapen for Visma - innføring av fagsystem på økonomi, lønn og HRM til etterretning

Rapporten med kontrollutvalet sin uttale bør leggest fram for kommunestyret.

Revisjonsrapport

Jf. vedlegg

FAKTA & VURDERING

Jf. Rapport

[Skriv inn tekst] [Skriv inn tekst] [Skriv inn tekst]

KONKLUSJON

MASFJORDEN KOMMUNE

Sakspapir

SAKSGANG			
Politisk organ	Møtedato	Saksnr	Sakshands.
Formannskapet	22.10.2013	060/13	Ørnulf Lillestøl
Kommunestyret	31.10.2013	054/13	Ørnulf Lillestøl

Arkiv: N-36, N-016

Arkivsaknr.: 10/880

SAK 054/13 - SAMARBEID MED GULEN KOMMUNE OM STILLING I BARNEVERNET

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

1. Det vert inngått eit formelt samarbeid mellom Masfjorden og Gulen kommunar om oppretting og drift av ei stilling som barnevernkonsulent.
2. Stillinga skal finansierast ved øyremerkte overføringar/tilskot frå staten ved fylkesmennene i Hordaland og Sogn og fjordane.
3. Det er utarbeida ein plan for denne stillinga som vert oversendt fylkesmennene. I denne står det blant anna at Gulen kommune administrerer denne stillinga.
4. Seinast innan 2015 skal kommunane ha utgreidd om det er grunnlag for å inngå vertskommunesamarbeid etter kommunelova. Til dette arbeidet tilrår kommunestyret at det vert oversendt søknad om tilskot til utgreiing av interkommunalt samarbeid.

Finansiering

Heimel

FS-060/13 TILRÅDING TIL KOMMUNESTYRET:

1. Det vert inngått eit formelt samarbeid mellom Masfjorden og Gulen kommunar om oppretting og drift av ei stilling som barnevernkonsulent.
2. Stillinga skal finansierast ved øyremerkte overføringar/tilskot frå staten ved fylkesmennene i Hordaland og Sogn og fjordane.
3. Det er utarbeida ein plan for denne stillinga som vert oversendt fylkesmennene. I denne står det blant anna at Gulen kommune administrerer denne stillinga.
4. Seinast innan 2015 skal kommunane ha utgreidd om det er grunnlag for å inngå vertskommunesamarbeid etter kommunelova. Til dette arbeidet tilrår kommunestyret at det vert oversendt søknad om tilskot til utgreiing av interkommunalt samarbeid.

Det skjedde i Formannskapet den 22.10.2013:

Saka vart drøfta.

Det vart stilt spørsmål om pkt 3 i vedtaket var noko formannskapet kunne gjera vedtak om eller om dette berre var informasjon.

Det var og spurd om saka skulle vidare til kommunestyret.

Rådmann Svein Helge Hofslundsengen opplyste om at det som står i pkt 3 om at Gulen kommune skal administrera stillinga er opp til formannskapet å gjera vedtak om.

Saka skal og handsamast i kommunestyret 31.10.2013.

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes tilrådd overfor kommunestyret.

KS-054/13 VEDTAK :

- 1. Det vert inngått eit formelt samarbeid mellom Masfjorden og Gulen kommunar om oppretting og drift av ei stilling som barnevernkonsulent.**
- 2. Stillinga skal finansierast ved øyremerkte overføringar/tilskot frå staten ved fylkesmennene i Hordaland og Sogn og fjordane.**
- 3. Det er utarbeida ein plan for denne stillinga som vert oversendt fylkesmennene. I denne står det blant anna at Gulen kommune administrerer denne stillinga.**
- 4. Seinast innan 2015 skal kommunane ha utgreidd om det er grunnlag for å inngå vertskommunesamarbeid etter kommunelova. Til dette arbeidet tilrår kommunestyret at det vert oversendt søknad om tilskot til utgreiing av interkommunalt samarbeid.**

[Skriv inn tekst] [Skriv inn tekst] [Skriv inn tekst]

Det skjedde i Kommunestyret den 31.10.2013:

Bjørn Egil Nordland, Ap, spurde om me i 2015 må betala alt sjølv, og om talet tilsette i barnevernet i Masfjorden då har auka?

Han spurde og om korleis er bemanninga i barnevernet samanlikna med andre kommunar?

Rådmann Svein Helge Hofslundsengen svara at dette er eit øyremerka tilskot som finansierer 100 % av kostnaden. Ein reknar med at tilskotet vert vidareført utover 2015.

Gulen kommune administrerer stillinga og det er allereie tilsett i stillinga. Gulen og Masfjorden har 50 % kvar.. Innan 2015 skal det vurderast eit vertskommunesamarbeid.

Røysting:

Tilrådinga frå formannskapet vart samrøystes vedteke.

SAKSTILFANG:

Nr	T	Brevdato	Avsender/Mottakar	Tittel
1	I	08.11.2010	likestillings og inkluderingsdep. Barne	Utsending av rundskriv Q-31/2010 . retningslinjer for satsing på kommunalt barnevern 2011
2	U	31.01.2011	Fylkesmannen i Hordaland	Søknad om tilskot for satsing på kommunalt barnevern 2011 - 2914
3	I	15.03.2011	Fylkesmannen i Hordaland	Innvilga tilskot til kommunalt barnevern
5	I	19.03.2013	Fylkesmannen i Hordaland	Masfjorden - innvilga tilskot til det kommunale barnevern 2013
4	U	26.03.2013	Fylkesmannen i Hordaland	Søknad om tilskot til satsing på kommunalt barnevern
6	U	17.04.2013	Fylkesmannen i Hordaland	Søknad om tilskot til kompetanseheving i barnevernet 2013
7	U	06.05.2013	Fylkesmannen i Hordaland	Styrkningsmidlar til stilling i barneverntenesta
10	I	15.05.2013	Fylkesmannen i Hordaland	Tilskot til kompetanse og samhandlingstiltak - kommunalt barnevern 2013
11	I	21.06.2013	Gulen kommune	Melding om vedtak. Interkommunal barnevernstilling for Gulen og Masfjorden kommunar.
12	I	04.07.2013	Fylkesmannen i Hordaland	Vedkomande tilskot til styrking av barneverntenesta
13	I	10.07.2013	Fylkesmannen i Sogn og Fjordane	Tilskot til styrking av barnevernstenesta i kommunane Gulen og Masfjorden
14	I	13.09.2013	Fylkesmannen i Hordaland	Tilskot til styrking av barnevernstenesta i Gulen og Masfjorden
8	U	18.09.2013	Fylkesmannen i Sogn og Fjordane	Styrkningsmidlar til stilling i barnevernstenesta 2013
9	U	15.10.2013	Fylkesmannen i Hordaland	Styrkningsmidlar til stilling i barneverntenesta 2013
16	U	15.10.2013		Plan for felles stilling Gulen og Masfjorden
17	U	15.10.2013	Fylkesmannen i Hordaland	Tilbakemelding til fylkesmannen i Hordaland - tilskot til styrking av barneverntenesta

SAKSUTGREIING:

BAKGRUNN

Masfjorden og Gulen kommunar søkte i vinter om tilskot til styrking av barnevernet. Søknaden vart fremja for både fylkesmannen i Hordaland og i Sogn og fjordane. Ynskje var å få styrka barnevernet med ei felles fagstilling.

Søknaden vart innvilga i svar frå fylkesmennene i mars.

HØYRING

UTTALE

FAKTA

I opprinneleg tilsagn om tilskot vart det sett som vilkår at det vart etablert eit vertskommunesamarbeid for barneventenesta mellom kommunane. Dette vil krevje ei litt meir omfattande utgreiing og prosess enn det samarbeidet vi kjenner fram til no mellom barneverntenestene i kommunane.

Dei tilsette i barnevernet i begge kommunane var skeptisk til å på kort sikt inngå eit vertskommunesamarbeid etter kommunelova. Det vart då starta drøftingar med fylkesmennene om å endre vilkåra for tilskotet.

Kommunestyret i Gulen handsama denne saka før sommarferien og fatta då vedtak ;

1. Gulen og Masfjorden kommunar startar opp utgreiing om eit vertskommunesamarbeid i høve ny felles stilling i barnevernet
2. Utgreiinga skal vere slutført innan 2015

Det har etter dette vore fleire rundar med fylkesmannen i Hordaland for å avklare vilkår og framdrift i saka. I siste skriv frå fylkesmennene er vilkår om vertskommunesamarbeid no tatt ut og formulert slik;

[Skriv inn tekst] [Skriv inn tekst] [Skriv inn tekst]

Det er lagt fram ein plan for å utgreie eit vidare interkommunalt samarbeid. Fylkesmannen forventar at det i tillegg vert laga ein konkret plan for stillinga det vart løyvd midlar til, slik at ein er sikra at denne vert nytta i tråd med intensjonen i søknadane frå kommunane. Vi ber om at ei slik plan vert sendt Fylkesmannen innan 18.oktober 2013.

Vedtak i kommunestyret i Gulen tilseier ei utgreiing av vidare interkommunalt samarbeid (vertskommunesamarbeid) innan 2015.

Det er utarbeida ein plan for fellesstillinga slik dette er bede om i siste skriv frå fylkesmennene.

VURDERING

Barnevernet i kommunane er sårbare i høve endringar i personalsituasjonen. Det er to fagpersonar i kvar av kommunane som skal dekkje eit krevjande fagfelt. Vi veit at rekrutteringstilhøva innan dette feltet også er vanskeleg. Det å inngå tettare samarbeid for å gjere tenestene meir robust og for å sikre fagmiljø er soleis viktig.

Vi har no tilsett i stillinga som barnevernskonsulent. Og det er viktig å sikre trygge og forutseielege arbeidstilhøve for denne personen. Slik planen er utforma vil barnevernleiar i Gulen vere næraste overordna.

Rådmannen meiner at samarbeidet på sikt må formaliserast og lovmessig forankrast betre enn det som har vore og er no-situasjonen. Det er eit ynskje om å bruke litt tid på dette. Kommunestyret i Gulen har omtala 2015 som frist for dette.

KONKLUSJON

Rådmannen tilrår kommunestyret å inngå samarbeid med Gulen kommune om ei felles stilling i barnevernet. Stillinga vert administrert frå Gulen kommune og skal delast mellom kommunane. Prioritering av arbeid mellom kommunane vert drøfta og avklart mellom leiarane i tenesta.

Rådmannen ynskjer at det vert fremja søknad om utgreiingsmidlar for å klarleggje eit tettare formelt samarbeid på dette feltet. Ein slik søknad vert fremja for begge fylkesmennene og utarbeida av rådmennene i felleskap.

MASFJORDEN KOMMUNE

Sakspapir

SAKSGANG			
Politisk organ	Møtedato	Saksnr	Sakshands.
Kraftfondsstyret	22.10.2013	010/13	Alf Strand
Kommunestyret	31.10.2013		Aina Isdal Haugland

Arkiv: N-253, N-PERM AVTALAR	Arkivsaknr.: 13/234
------------------------------	---------------------

SAK 31/10 - KRAFTSPELA 2013

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Kommunestyret går frå og med 2014 inn for å arrangere Kraftspela på Matre skule, primært som eit familiearrangement (alternativ 5), der me opnar for samarbeid med lokalt næringsliv og oppmodar næringsrådet om å tenkja nytt kring korleis dei kan vera til stades og treffa ungdom som potensielle arbeidstakarar på eit slikt arrangement.

KS-048/13 VEDTAK:

Det vert ikkje gjort vedtak, men innspela som kjem i drøftingane vil verta tekne med i vidare sakshandsaming som skal opp i neste kommunestyremøte.

Det skjedde i Kommunestyret den 19.09.2013:

[Skriv inn tekst] [Skriv inn tekst] [Skriv inn tekst]

Samfunnsutviklar Aina Isdal Haugland orienterte om erfaringar frå kraftspela 2013.

Etter orienteringa vart det gruppearbeid.

Det vil bli førebudd sak til kommunestyret om evaluering av kraftspela.

KRFT-010/13 TILRÅDING TIL KOMMUNESTYRET:

Kraftfondsstyret tilrår kommunestyre til å gå inn for å arrangera kraftspela 2014 med følgjande føringar:

Arrangementet bør arrangerast på ei eigna helg i tidsrommet mai – juli.

Det skal synleggjerast og vedtakast eit budsjett for arrangementet, som skal vera styrande for arrangementet sin storleik og utforming.

Kraftspela skal evaluerast grundig med tanke på økonomi, måloppnåing og hensikt.

Alkoholskjenking skal skje i lovlig og ordna form.

Målsetninga for kraftspela skal vera slik som opphavleg tenkt:

- Hadde storleik og trekkplaster som kunne samla masfjordingane og vera attraktivt for publikum utanfor kommunen
- Marknadsføra Masfjorden som ein god stad å bu, der det også «skjedde noko»
- Kunna visa kulturkrefter i Masfjorden og artistar og kulturkrefter utanfrå -og gjerne eit samspel mellom desse.

[Skriv inn tekst] [Skriv inn tekst] [Skriv inn tekst]

- Ha ein marknad der næringslivet i kommunen kunne bli synleg
- Ha ein aktivitetsprofil basert på naturen, idretts- og friluftslivet i kommunen vår.

Det skjedde i Kraftfondsstyret den 22.10.2013:

Saka vart drøfta og det kom fleire innspel.

Arthur Sjurson: Dette er tilsvarande med ei nedlegging av Kraftspela – det er det einaste som skjer i indre delar av kommunen. Kulturmønstringa på scena er flott og viser Masfjorden på sitt beste. Føredraga vert godt mottekne. Me får til eit vellukka arrangement på trass av omfattande byggjeaktivitet. Næringslivet er representert. Andre aktørar er tilgjengelege på andre tider av året, slik at det er denne debatten som er den mest aktuelle. Kraftspela får positiv omtale i aviser og gjennom andre kanalar. Å flytte det til juni gjer at me kan dra nytte av kulturressursar, betre tryggleiken og veret (alt 2).

Form/deltakarar på marknaden kan vurderast. Korleis kan dette (alt 5) vere eit godt framlegg? Me dreg for mykje inn i Kraftspela.

Marit Steinestø: Kraftspela er ein møteplass i Indrefjorden og mange ungdommar kjem heim til dette arrangementet. Det at ein legg vekt på familiekonsert utan alkohol kjem til å verte ei viktig sak for Krf. Ein må kunne seie nei til somme av aktørane som er på marknaden i dag og leggje den opp på ein annan måte. Næringslivet er ikkje nok til stades i stor nok grad. Desse burde vore på bana i langt større grad, både store og små. Skulane bør vere meir involverte. Kunne me brukt Kraftspela til å samle ungdomsskulane og brukt MOT? Det er enklare for Stordalen å vere med ei helg utanom Bjørn West-marsjen. Kyrkjekonsertar har vore populære tidlegare. Fotballturnering kan framleis trekkje folk. Kva med å setje opp bussar til Matre? Reduksjon bør vere i budsjett med tanke på artist me kan ta inn, ikkje omfanget av arrangementet. Me må vere meir konkrete, leggje til rette for å bruke lokale aktørar, seie noko om konsert, alkoholservering, kor mange konsertar og kva type føringar me vil leggja.

Egil Kvingedal, Venstre, kom med følgjande framlegg til vedtak/tilråding.

[Skriv inn tekst] [Skriv inn tekst] [Skriv inn tekst]

«Kraftfondsstyret tilrår kommunestyre til å gå inn for å arrangera kraftspela 2014 med følgjande føringar:

Arrangementet bør arrangerast på ei eigna helg i tidsrommet mai – juli.

Det skal synleggjerast og vedtakast eit budsjett for arrangementet, som skal vera styrande for arrangementet sin storleik og utforming.

Kraftspela skal evaluerast grundig med tanke på økonomi, måloppnåing og hensikt.

Alkoholskjenking skal skje i lovlig og ordna form.

Målsetninga for kraftspela skal vera slik som opphavleg tenkt:

- Hadde storleik og trekkplaster som kunne samla masfjordingane og vera attraktivt for publikum utanfor kommunen*
- Marknadsføra Masfjorden som ein god stad å bu, der det også «skjedde noko»*
- Kunna visa kulturkrefter i Masfjorden og artistar og kulturkrefter utanfrå -og gjerne eit samspel mellom desse.*
- Ha ein marknad der næringslivet i kommunen kunne bli synleg*
- Ha ein aktivitetsprofil basert på naturen, idretts- og friluftslivet i kommunen vår.»*

Det vart røysta over Venstre sitt framlegg som vart samrøystes tilrådd ovanfor kommunestyret.

KS-055/13 VEDTAK:

[Skriv inn tekst] [Skriv inn tekst] [Skriv inn tekst]

Kommunestyret går inn for å arrangera kraftspela 2014 med følgjande føringar:

Arrangementet bør arrangerast på ei eigna helg i tidsrommet juni - august.

Det skal synleggjerast og vedtakast eit budsjett for arrangementet, som skal vera styrande for arrangementet sin storleik og utforming.

Kraftspela skal evaluerast grundig med tanke på økonomi, måloppnåing og hensikt.

Alkoholskjenking skal skje i lovlig og ordna form.

Målsetninga for kraftspela skal vera slik som opphavleg tenkt:

- **Hadde storleik og trekkplaster som kunne samla masfjordingane og vera attraktivt for publikum utanfor kommunen.**
- **Marknadsføra Masfjorden som ein god stad å bu, der det også «skjedde noko».**
- **Kunna visa kulturkrefter i Masfjorden og artistar og kulturkrefter utanfrå -og gjerne eit samspel mellom desse.**
- **Ha ein marknad der næringslivet i kommunen kunne bli synleg.**
- **Ha ein aktivitetsprofil basert på naturen, idretts- og friluftslivet i kommunen vår.**

Det skjedde i Kommunestyret den 31.10.2013:

Samfunnsutviklar Aina I. Haugland orienterte om kraftspela 2013.

Marit Steinestø, KrF, ba om at det vart halde gruppemøte.

Saka vart drøfta.

Møte vart heva og det vart halde gruppeleiar møte.

Etter gruppemøtet la Marit Steinestø fram eit fellesframlegg frå partia:

(framlegget var nesten identisk med tilrådinga frå Kraftfondsstyret, men med endring av tidspunkt)

Kommunestyret går inn for å arrangera kraftspela 2014 med følgjande føringar:

Arrangementet bør arrangerast på ei eigna helg i tidsrommet juni - august.

Det skal synleggjerast og vedtakast eit budsjett for arrangementet, som skal vera styrande for arrangementet sin storleik og utforming.

Kraftspela skal evaluerast grundig med tanke på økonomi, måloppnåing og hensikt.

Alkoholskjenking skal skje i lovlig og ordna form.

Målsetninga for kraftspela skal vera slik som opphavleg tenkt:

- *Hadde storleik og trekkplaster som kunne samla masfjordingane og vera attraktivt for publikum utanfor kommunen.*
- *Marknadsføra Masfjorden som ein god stad å bu, der det også «skjedde noko».*
- *Kunna visa kulturkrefter i Masfjorden og artistar og kulturkrefter utanfrå -og gjerne eit samspel mellom desse.*
- *Ha ein marknad der næringslivet i kommunen kunne bli synleg.*
- *Ha ein aktivitetsprofil basert på naturen, idretts- og friluftslivet i kommunen vår.*

KrF leverte inn eit skriftleg innspel til arbeidsgruppa for kraftspela. Dokumentet vil bli registrert inn på saka om kraftspela.

[Skriv inn tekst] [Skriv inn tekst] [Skriv inn tekst]

Marit Steinestø, KrF, sette fram eit tilleggspunkt på 16 års aldersgrense med verje for konserten fredagskvelden.

Røysting:

KrF sitt framlegg fekk to røyster og fall.

Det vart så røysta over fellesframlegget frå partia.

Fellesframlegget frå partia vart samrøystes vedteke.

SAKSTILFANG:

Nr	T	Brevdato	Avsendar/Mottakar	Tittel
1	U	05.04.2013	Frivillige lag	Kraftspela 2013 - møte om vakthald
2	I	08.04.2013	Arbeidsgruppa for Sleirsfjellet opp	Sleirsfjellet opp 2013
3	U	23.04.2013	Arbeidsgruppa v/Tone Haugsvær	Delegert vedtak - søknad om støtte til Sleirsfjellet opp 2013
4	U	27.06.2013	Radøy gjerdenett AS	Avtale mellom Radøy Gjerdenett AS og Masfjorden kommune
10	I	05.07.2013	Matre utvikling v/Sigurd Vabø	Underskriven samarbeidsavtale mellom Masfjorden kommune og Matre utvikling for Kraftspela 16. - 18. august 2013
5	U	05.07.2013	Grunneigarane	Parkering på idrettsbana
8	U	05.07.2013	Matre utvikling AS	Samarbeidsavtale mellom Matre utvikling AS og Masfjorden kommune
6	U	05.07.2013	Lars Elling Haugsvær	Kraftspel på Matre 16.-18. august
7	U	05.07.2013	Fleire mottakarar	Kraftspel på Matre 16.-18. august
11	I	09.07.2013	Radøy Gjerdenett AS	Underskriven avtale mellom Radøy Gjerdenette AS og Masfjorden kommune
14	I	22.08.2013	Åse S. Espedal og Olav Espedal	Ytring i høve kraftspela 2013
12	I	22.08.2013	Masfjorden kommune v/barnevernstenesta	Uttale i samband med evaluering av Kraftspela

SAKSUTGREIING:

BAKGRUNN

Kraftspela vart arrangert første gongen i 2002. Utgangspunktet for arrangementet var eit samarbeid mellom BKK og kommunen. Ideen bak arrangementet var å få til eit arrangement i Masfjorden som

- hadde storleik og trekkplaster som kunne samla masfjordingane og vera attraktivt for publikum utanfor kommunen
- marknadsføra Masfjorden som ein god stad å bu, der det også ”skjedde noko”
- kunne visa både kulturkrefter i Masfjorden og artistar og kulturkrefter utanfrå- og gjerne eit samspel mellom desse.
- ha ein marknad der næringslivet i kommunen kunne bli synleg.

ha ein aktivitetsprofil basert på naturen, idretts- og friluftslivet i kommunen vår

Politikarane bad om ei evaluering av Kraftspela i 2012. Denne er skriven og vart så vidt drøfta, men det trengst ein grundigare gjennomgang. I tillegg har me erfaringar og førebelse resultat for 2013. Kraftspela har utvikla seg og endra seg gjennom dei elleve år arrangementet har vore gjennomført. For drøftinga i kommunestyret må me sjå nærare på ein del spørsmål og stake ut vegen vidare.

Me kan evaluere Kraftspela ved å sjå på sjølve organiseringa av arrangementet, som til dømes kommunikasjon mellom ulike aktørar og korleis dei klarte å gjennomføre helga. Kva fungerte og kva fungerte ikkje av det praktiske arbeidet og måten me jobba saman på? Her er det naturleg å sjå på justeringar knytt til den økonomiske biten eller underhaldninga på scena, korleis deltakarane, utstillarane og dei friviljuge opplevde arrangementet, praktisk gjennomføring av verjeordning og skjenkeløyve med meir. Mykje av dette har administrasjonen gjort med samarbeidspartnarane våre i Kraftspela og i den grad Kraftspela skal halde fram i same format er dette nyttige tilbakemeldingar som me må bruke aktivt i vidare gjennomføring.

Ein annan og langt viktigare del av evalueringa, særskilt om me skal sjå på det som del av samfunnsutviklinga, er å sjå nærare på om me når dei politiske måla våre gjennom Kraftspela. Folketalsauke, livskraftige bygder og eit næringsliv i vekst og utvikling er tre sentrale målsetjingar i kommuneplanen. Masfjorden kommune skal vera ein trygg og god kommune å arbeida, bu og opphalda seg i og det skal vera gode og aktive dagar for alle i Masfjorden. Som delmål i kommuneplanen har me òg det å byggja vidare på dei større kultursatsingane som er etablert, td Kraftspela, Bjørn West-marsjen og Sommarscena.

Oppnår me det me ynskjer gjennom engasjementet vårt i Kraftspela? Brukar me kommuneorganisasjonen på ein god måte slik me jobbar no og med tanke på kva me får igjen for det? I kva grad og korleis er Kraftspela med på å byggje opp under Masfjorden kommune som ein god kommune å bu i? Korleis kan me gjere dette betre?

Kven engasjerer seg i og for Kraftspela? Kan me bruka Kraftspela til å engasjere meir? Kven føler eigarskap til Kraftspela? Er eigarskapen stor nok blant næringsliv, lag og organisasjonar?

Arrangementet må òg vurderast av kommunestyret i eit kost-nytte perspektiv. Eit eksistensielt spørsmål er det økonomiske aspektet- har vi råd til dette?

Kva vil konsekvensane vera om me ikkje lenger arrangerer Kraftspela? Kva skjer om me endrar måten me organiserer det på? Kva mål oppnår me gjennom Kraftspela og kva får me igjen for det arbeidet som vert lagt ned?

HØYRING

UTTALE

FAKTA

Masfjorden kommune brukar i underkant av 3/4 årsverk på Kraftspela.

[Skriv inn tekst] [Skriv inn tekst] [Skriv inn tekst]

10901 Forsikring av personell	4.852
11150 Matvarer til forbruk/bevertning	4.899
11306 Porto	2.590
11403 Marknadsføring	52.402
11502 Reiseutgifter/opphald (ikkje oppgåvepliktig)	16.804
11701 Drivstoff/olje/rekvisita	4.090
13700 Kjøp av tenester frå private	147.310
13701 Driftstilskot	5.260
13801 Kjøp av tenster frå andre	325.260
14290 Merverdiavgift utenfor mva-loven	39.958
16207 Billetinntekter	-409.381
17290 Momskomp.påløpt i drift	-39.958
19401 Bruk av kraftfondet	-5.260
TOTALT	148.825

Det var 40 utstillarar på marknadsdagen, inkludert politiske parti.

9 ulike grupper frå kulturskulen og 5 andre aktørar opptredde under marknadsdagen. I tillegg vart fleire av utstillarane intervjua. Me har fått redaksjonell omtale i lokalavisene, inkludert fleire framsider før arrangementet og fleire heilsider etter Kraftspela. I samband med konserten med Vinni har det vore mediedekning i radio.

Det har vore ei klarare deling av ansvar og økonomisk risiko og formalisering med skriftlege avtalar.

VURDERING

Det vert ikkje gjort vedtak, men innspela som kjem i drøftingane vil verta tekne med i vidare sakshandsaming som skal opp i neste kommunestyremøte.

[Skriv inn tekst] [Skriv inn tekst] [Skriv inn tekst]

KONKLUSJON

Nye opplysningar i saka

Saksutgreiing:

Det finst ei rekkje moglege alternativ for korleis ein kan arrangere Kraftspela eller for kva ein skal leggje i arrangementa. I dette framlegget går me nærare inn på seks ulike måtar å arrangere Kraftspela på. Kommunestyret må sjå på konsekvensane av ulike alternativ og vurderer korleis me best kan bruka ressursane våre, både i form av økonomi og personale for å oppnå dei politiske måla våre. Kva er viktigast for Masfjorden som ein god kommune å bu i og for at me skal nå måla om folketalsauke, levande bygder og eit næringsliv i vekst?

Kraftspela er med i kommuneplanen som eit punkt for vidare satsing. Korleis gjer me dette på best mogleg måte, samstundes som me brukar Kraftspela til å nå andre mål og ikkje berre som eit mål i seg sjølv? Både organisering av Kraftspela og måten me arbeidar med arrangementet på, krev mykje av ein liten administrasjon. Arbeidet tek tid og krefter frå andre oppgåver administrasjonen burde hatt meir tid til. Kontinuitet og framdrift er eit anna moment ein må ta med i vurderinga. Det å kvart år vera usikre på om Kraftspela skal arrangerast eller ikkje, gjer at det er vanskeleg å tenka langsiktig og fordela oppgåvene utover heile året. Ei vurdering er difor om ein må tenka innanfor ein femårsperiode og heller evaluera etter denne. Med formannskapet som styringsgruppe kan ein framleis påverke politisk, men samstundes gje større arbeidsro og spreia oppgåver og planlegging gjennom eit heilt år. Per i dag okkuperer Kraftspela mykje tid og fokus over fleire intense månader. Å spreia det utover i tid kan gjera dette betre.

Om det er slik at kommunestyret ønskjer halde fram med Kraftspela i same omfang som før, kan det vera verd å vurderer stillingsheimel til dette, der ein spesifikt kan lysa ut etter ein person til ei slik stilling. I dag er arbeidet med Kraftspela lagt inn som del av stillingsomtalen til fleire av dei tilsette i kommunen.

Risikoprofil

Kraftspela har hatt mange store namn på konsertane. Sidan innteninga er knytt direkte til billettsal, utgjer dette ein økonomisk risiko. Får me så mykje att for arrangementa at det er verd den økonomiske risikoen me tek ved store konsertar?

Ei problemstilling kommunestyret bør ta stilling til er dessutan koplinga mellom alkohol, oppslutning og økonomi. For konsertar som krev stor inntening, vil det vere ei viss forventning om at ein får kjøpt alkohol på staden. Om ein stengjer for servering av alkohol eller for ungdom under 18 mister ein potensielle kundar. Kommunestyret bør difor vurderer om

Kraftspela er i tråd med alkoholpolitisk plan og om ein ønskjer at kommunen skal ha eigarskap til arrangement med alkoholsal.

Økonomisk krev Kraftspela mykje. For 2013 har det gått 400 000 kr som utgifter netto (kr 900 000 i utgifter og kr 490 000 i inntekter). For Kraftspela 2013 er tida brukt til arrangementet av kommunalt tilsette 7-8 månader. Dette svarar til lønskostnader rundt kr 500 000. Dette kjem ikkje fram i nokon rekneskap. Lønskostnadene ville ein ikkje fjerna ved til dømes å avvikle Kraftspela, men det er ressursar og tid som vert brukt på Kraftspela og som kunne vortne brukte til andre tiltak. Nokre kostnader er mogleg å redusere til dømes ved å ha ein eigen stillingsheimel til Kraftspela og setje kvalifikasjonskrav og lønsnivå lågare enn det som er tilfellet i dag. Det er likevel slik at så lenge det er eit samarbeid internt i kommuneadministrasjonen og ein brukar kommuneleiinga til prosjektet, så vil desse kostnadene vera høge. Fordi tid og ressursar er knappe vert det lett vint å kjøpa seg ut av situasjonar som kunne vore løyst rimelegare. Totalt sett er det slik at både ein del infrastruktur er dyr, men òg at summen av mange småutgifter vert høg.

Moglege alternativ:

- 1) Arrangera Kraftspela som før.
- 2) Arrangera Kraftspela i stor grad som før, men med endra tidspunkt. Stordalen oppleving, kulturskulen, skulane og IL Bjørn West har større kapasitet andre tider på året, slik at desse kan bidra i noko større grad enn dei kan i august.
- 3) Arrangera Kraftspela som mange små arrangement.
- 4) Avvikla Kraftspela.
- 5) Arrangera Kraftspela som reint familiearrangement.
- 6) Lysa Kraftspela ut på anbod eller gje kommunalt tilskot, der ein oppmodar næringsliv, gjerne i samarbeid med lag og organisasjonar om å arrangera Kraftspela slik dei meiner er tenleg, gjerne med utgangspunkt i utvikling av Stordalen som reisemål og Masfjorden som bukommune.

Konsekvensar av dei ulike alternativa:

- 1) Kraftspela slik det er organisert i dag er eit innarbeidd merkevarenamn, med ein fast dato som er kjend. Det er erfaring og rutine i eigen organisasjon, hjå BKK, leverandørarar, lag og organisasjonar. Spennet i aktivitetar og store konsertar gjer at ein tiltrekkjer seg mange menneske, både lokalt og regionalt. Internt i kommuneadministrasjonen er dette eit prosjekt der ein samarbeider på tvers av avdelingar. Samarbeidet som finst utanfor kommuneadministrasjonen er på tvers av lag og organisasjonar, sjølv om fleire av laga nemner lite engasjement, men økonomiske motiv som bakgrunn for at dei stiller opp på dugnad. Ettersom

arrangementet kjem like etter ferien er det noko rimelegare å ha annonser i avisene, sjølv om dette totalt sett ikkje utgjer dei største utgiftene. Datoen som no vert brukt passar inn med større regionale arrangement som Havsportveka, Utkant og Knarvikmila. Bruk av kommunale ressursar fører til stor slitasje på enkeltpersonar. Økonomisk er det høg risiko. For Bjørn West-marsjen er det truleg ingen fordel at Kraftspela er same helga.

- 2) For alternativ 2, å endre datoen for Kraftspela, vil mange av konsekvensane vera som alternativ 1. Ein har ei innarbeidd merkevare, erfarne organisasjonar og ein stor møteplass. Den økonomiske profilen vil i stor grad vera den same. Det gjeld òg bruken av interne ressursar, sjølv om noko vil verte enklare fordi innspurten ikkje skjer midt i ferien. Flytting av dato kan kanskje (statistisk sett) gje oss betre ver og gje grunnlag for breiare samarbeid med sentrale aktørar (Stordalen oppleving, kulturskulen, IL Bjørn West, MOT, barnehagar, skulane). Samanfall i tid med Nattjazzen og Festspillene i Bergen, gjer at me kan utnytte publikum og artistar som allereie er i området. Det vil vere lettare å få til familiearrangement når det er lyst, og ein får noko betre tryggleik. Negative sider er framleis som alternativ 1. Ny dato må dessutan innarbeidast, og den totale arbeidsmengda for både friviljuge, næringsliv og kommunen er stor same kva tid på året ein legg arrangementet. Aktiviteten om våren omfattar dessutan eksamenar, konfirmasjonar, avslutningar, organiserte reiser og andre hendingar som kan verke inn på deltaking.
- 3) Det tredje alternativet kan i større grad støtta opp om og setja fokus på politiske målsetjingar gjennom heile året. Ved og leggje opp til arrangementsrekke vil ein kutta kostnader i form av infrastruktur med stor scene og telt. Ein kan ha eit større sosialt tilbod heile året, styrka folkehelse og mindre møteplassar. Administrasjonen kan jobba jamnare og bruka tid og ressursar til å støtte opp om initiativ og engasjement frå lag og organisasjonar som ønskjer gjera noko. Samstundes kan ein utvide nokre av arrangementa som finst, og skape nokre nye. Innhaldet kan variere, slik at ein set fokus på ulike tema gjennom året (næring, landbruk, sosiale møtestader mm). Dette vil i større grad kunne støtte opp om Masfjorden som ein god bukommune. Negative sider kan vera at det ikkje vil trekkje like mange menneske til kommunen. Det kan verta for likt Sommarscena eller forsvinna i dagleg drift og få for lite merksemd. Det kan òg føra til ekstra belastning for tilsette i organisasjonen dersom ein skal bidna seg opp til arrangement fleire helger. Å omdefinera innhaldet krev sitt, slik at ein vil tape noko av Kraftspela som merkevare.
- 4) Å avvikla Kraftspela er det mest radikale alternativet. Fordelen med dette er at ein kan bruka personalressursar og budsjett på andre område. I 2013 var nettoutgiftene kr 400 000 i tillegg til 0,7 årsverk. Somme tenester knytt til marknadsføring kan kjøpast, og gi minst like godt resultat som Kraftspela. Det er mogleg å utvikla heilt nye konsept og fylla med anna innhald enn i dag. Negative sider er manglande aktivitet og signaleffekt internt i regionen og kommunen. Ein risikerer å tapa omdøme og stoltheit over arrangement og kommunen sin eller at Masfjorden vert mindre synleg. Lag og organisasjonar mister ei inntektskjelde, og Kraftspela ligg inne som satsingsområde i kommuneplanen, samt søknader kommunen har til fylkeskommunen.

- 5) Kraftspela som reint familiearrangement der ein brukar Matre skule og avsluttar tidlegare på kvelden vil fjerne ein del problemstillingar, særskilt knytt til alkoholkonsum og grensesnittet mellom offentleg og privat engasjement. Ein får rein kommunal eigarskap, reduserte kostnader knytt til infrastruktur, scene, artistar, vakthald og organisering. Ein skapar ein trygg møteplass for born og unge og kan få til eit tettare samarbeid mellom profesjonelle og lokale krefter på kultursida, samstundes som ein støttar opp om målet om ein god kommune å bu i. Rein kommunal eigarskap gjer ting mindre kompliserte for administrasjonen, men fjernar samstundes koplingar mellom det private og det offentlege. Næringsutvikling vert ikkje del av Kraftspela. Samstundes fjernar ein det eine store konserttilbodet med alkoholservering for vaksne som kommunen har. Utviklingstanken i dette alternativet er noko fråverande, og ein går til ein viss grad tilbake til det som var Masfjordfestivalen før Kraftspela vart oppretta.

- 6) Å lysa Kraftspela ut på anbod eller ved å gje kommunalt tilskot til frivillige organisasjonar og næringslivet kan gjera arrangementet meir forpliktande for næringslivet. Dette kan vera med på å byggja opp under lokalt næringsliv, særskilt reiseliv, i tråd med kommuneplan og strategisk næringsplan. Kommunen får lågare økonomisk risiko, samstundes som me får mindre bruk av kommunale administrative ressursar. Om me overlet ansvaret kan me få større engasjement blant innbyggjarane i kommunen. Det er mogleg å leggja til rette for at lokalt kulturliv framleis kan ta del. Overgangen frå dagens ordning vil krevja noko arbeid og ein har ikkje garanti for kva resultat ein får. Her kan det òg vere krevjande å få til ei kopling mellom eksterne og lokale krefter. Om ein lokal aktør/frivillig organisasjon får stort underskot kan det oppstå press for at kommunen dekkjer dette.

Vurdering:

Kommunestyret må ta stilling til kva dei ønskjer å bruke Kraftspela til. Dei må òg vurdere kva dei meiner er sentralt for utviklinga i kommunen og om det beste er å bruke Kraftspela som del av denne eller om administrasjonen skal konsentrere arbeidskapasiteten på andre prosjekt knytt til utvikling.

Å flytte Kraftspela til mai/juni vil opna for at aktørar som i dag er lite tilgjengelege i større grad kan engasjera seg. For lokalt reiseliv vil det vera tenleg med fleire helger med aktivitet heller enn ei stor, noko som er eit sterkt argument for å endre tidspunkt for arrangementet.

Slitasjen på administrasjonen er stor. Det same er den økonomiske risikoen. Dette er dei største argumenta for å redusere omfanget av Kraftspela. Å flytta arrangementet til Matre skule vil kunne gjera dette på ein tenleg måte.

Den reine kommunale eigarskapen i dette alternativet er den svakaste delen av argumentasjonen fordi det fjernar koplinga til næringslivet. Samstundes stiller ein Gulen og Masfjorden næringsråd og næringslivet lokalt friare til å tenkja nytt og styrka koplinga mellom til dømes skular og næring slik ein legg det opp her.

[Skriv inn tekst] [Skriv inn tekst] [Skriv inn tekst]

ADMINISTRASJONSSJEFEN SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:

Kommunestyret går frå og med 2014 inn for å arrangere Kraftspela på Matre skule, primært som eit familiearrangement (alternativ 5), der me opnar for samarbeid med lokalt næringsliv og oppmodar næringsrådet om å tenkja nytt kring korleis dei kan vera til stades og treffa ungdom som potensielle arbeidstakarar på eit slikt arrangement.

MASFJORDEN KOMMUNE

Sakspapir

SAKSGANG			
Politisk organ	Møtedato	Saksnr	Sakshands.
Kraftfondsstyret	22.10.2013	011/13	Svein Helge Hofslundsengen
Kommunestyret	31.10.2013	056/13	Svein Helge Hofslundsengen

Arkiv: N-102	Arkivsaknr.: 13/594
--------------	---------------------

SAK 056/13 - KRAFTFONDSBUDSJETTET FOR 2014

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

1. Årsbudsjettet 2014 for Masfjorden kraftfond vert fastsett slik;

Inntekter:	Påfyll kraftfondet - konsesjonsavgift	-2 600 000
	Avdrag og rente utlån frå kraftfondet	-140 000
	Renteinntekter, fondsmidlane	-10 000
	div. inntekter/sal av turbok./ref. HFK	0
	Sum inntekter	-2 750 000
Utgifter:	Masfjordsambandet - brufond jf. KS 45/12	1 000 000
	LVK, regionrådet, m.fl. – tilskot/kontigent 2013	350 000
	Kraftspel, annonsering tomtar/profilering av kommunen/div	200 000
	Næringsarbeid innan kommuneadminstrasjonen	100 000
	Sertifikatorordninga	30 000
	Netto tilføring kommunen's driftsbudsjett 32504	50 000
	Tilrettelegging bustadføremål	150 000
	Elevedrift	20 000
	mobil/breibandsdekning (2011:Nuten, K-sak 53/11) EK	400 000
	Andre næringstiltak - (GMU med 250.000)	250 000
	Etableringstilskot	120 000
	Frie fondsmidlar til fordeling	80 000
	Sum utgifter	2 750 000

2. tildeling av frie midlar frå kraftfondet skjer ved hovudfordeling med søknadsfrist 15. juni, og handsaming av kraftfondstyret i september. 2.tildeling med søknadsfrist 1.november og handsaming i desember. Det vert opna for å ta opp hastesaker.

[Skriv inn tekst] [Skriv inn tekst] [Skriv inn tekst]

Finansiering

Budsjettframlegget er i balanse

Heimel

Vedtektene for kraftfondet

KS-056/13 VEDTAK:

1. Årsbudsjettet 2014 for Masfjorden kraftfond vert fastsett slik;

Inntekter:	Påfyll kraftfondet - konsesjonsavgift	-2 600 000
	Avdrag og rente utlån frå kraftfondet	-140 000
	Renteinntekter, fondsmidlane	-10 000
	div. inntekter/sal av turbok./ref. HFK	0
	Sum inntekter	-2 750 000
Utgifter:	Masfjordsambandet - brufond jf. KS 45/12	1 000 000
	LVK, regionrådet, m.fl. – tilskot/kontigent 2013	350 000
	Kraftspel, annonsering tomtar/profilering av kommunen/div	200 000
	Næringsarbeid innan kommuneadminstrasjonen	100 000
	Sertifikatordninga	30 000
	Netto tilføring kommunen's driftsbudsjett 32504	50 000
	Tilrettelegging bustadføremål	150 000
	Elevedrift	20 000
	mobil/breibandsdekning (2011:Nuten, K-sak 53/11) EK	400 000
	Andre næringsiltak - (GMU med 250.000)	250 000
	Etableringstilskot	120 000
	Frie fondsmidlar til fordeling	80 000
	Sum utgifter	2 750 000

2. tildeling av frie midlar frå kraftfondet skjer ved hovudfordeling med søknadsfrist 15. juni, og handsaming av kraftfondstyret i september. 2.tildeling med søknadsfrist 1.november og handsaming i desember. Det vert opna for å ta opp hastesaker.

Det skjedde i Kommunestyret den 31.10.2013:

Willy Borge, Frp, sette fram forslag om å ta posten renteutgifter på 50.000,- å føra til over til posten Tilrettelegging for bustadføremål.

[Skriv inn tekst] [Skriv inn tekst] [Skriv inn tekst]

Røysting:

Framlegget frå Frp vart samrøystes vedteke.

Krafftjonsbudsjetten i si heilheit vart samrøystes vedteke.

KRFT-011/13 TILRÅDING TIL KOMMUNESTYRET:

1. Årsbudsjettet 2014 for Masfjorden kraftfond vert fastsett slik;

Inntekter:	Påfyll kraftfondet - konsesjonsavgift	-2 600 000
	Avdrag og rente utlån frå kraftfondet	-140 000
	Renteinntekter, fondsmidlane	-10 000
	div. inntekter/sal av turbok./ref. HFK	0
	Sum inntekter	-2 750 000
Utgifter:	Masfjordsambandet - brufond jf. KS 45/12	1 000 000
	LVK, regionrådet, m.fl. – tilskot/kontigent 2013	350 000
	Kraftspel, annonsering tomtar/profilering av kommunen/div	200 000
	Næringsarbeid innan kommuneadminstrasjonen	100 000
	Sertifikatordninga	30 000
	Netto tilføring kommunen's driftsbudsjett 32504	50 000
	Tilrettelegging bustadføremål	150 000
	Elevedrift	20 000
	mobil/breibandsdekning (2011:Nuten, K-sak 53/11) EK	400 000
	Andre næringsiltak - (GMU med 250.000)	250 000
	Etableringstilskot	120 000
	Frie fondsmidlar til fordeling	80 000
	Sum utgifter	2 750 000

2. tildeling av frie midlar frå kraftfondet skjer ved hovudfordeling med søknadsfrist 15. juni, og handsaming av kraftfondstyret i september. 2.tildeling med søknadsfrist 1.november og handsaming i desember. Det vert opna for å ta opp hastesaker.

Det skjedde i Kraftfondsstyret den 22.10.2013:

Budsjettet vart vedteke slik det ligg føre.

[Skriv inn tekst] [Skriv inn tekst] [Skriv inn tekst]

SAKSTILFANG:

SAKSUTGREIING:

BAKGRUNN

Kraftfondet blir årleg tilført konsesjonsavgift frå BKK produksjon, justert kvart 5.år. Sist justering var i 2010, kor konsesjonsavgifta vart sett til kr. 2.599.156. Ny justering kjem for neste budsjettår (2015).

I tillegg til inntekter i form av konsesjonsavgift blir fondet tilført midlar i form av attendebetaling utlån kraftfondet – i budsjettframlegg år 2014 har vi lagt til grunn

Kr. 120.000,- i avdrag og 20.000 i rente utlån. Renteinntekter av fondsmidlane er budsjettert til 10.000,-. Sum utlån gjekk kraftig ned i 2012 med innbetaling av ekstraordinære lånevdrag.

Kommunen står fritt til å tilføre fondet renteinntektene av utlån frå kraftfondet og bankinnskot. Budsjettframlegget til administrasjonen inneber at renteinntekter kalkulert til kr. 50.000 blir tilført kommunen sitt driftsbudsjett, og ikkje tilført kraftfondet. Framlegget er i tråd med politisk fleirtal siste åra.

Postar under budsjettet til kraftfondet 2014:

1. Masfjordsambandet, avsetjing med 1 mill.kr.

«Sdo_Tittel»

vedtak i Masfjorden kommunestyre den 31.05.2012.

KS-045/12 VEDTAK:

1. Masfjorden kommune går inn med 40 mill.kr. som eigenfinansieringsdel Masfjordsambandet.
2. Det vert gjort ei årleg **avsetjing på 1 mill.kr. frå kraftfondet til brufond** til prosjektet vert realisert og finansieringsbehovet oppstår.
3. Restsum mellom 40 mill.kr. og oppsamla midlar i brufondet vert ved oppstart finansiert ved låneopptak, kor årleg avdrag og rente vert dekkja av kraftfondet.

2. Det ligg i budsjettframlegget frå administrasjonen inne finansiering av tilskot for regionrådet (140.000), som er ein auke på 20.000 i høve 2013 + at i årets budsjett har teke med ein del postar som før ikkje har vore budsjettert – men som kommunen har forplikta seg til som BRB tilskot etc., sekretariat kontrollutval vert ført under rammeområde folkevalde, og kostnader revisjon m.m.

Kommune	Folketal 01.01.13	Medlemsko nt 2014	BRB kontigent 2014	Kompetans eprosjektet	Sekretariat kontrollutv	Yrkes/utd	Biosfær e	Sum
1266 Masfjorden	1 696	139 245	16 960	24 126	67 675	5 747	25 000	280 448

utover postar til regionrådet, ligg her inne tilskot Hordaland olje og gass (10.000) og LVK (130.000) for 2014. Reiselivslagskontingent vart tidlegare ført her, men no ute. Kontingent vert ført under teneste 32501 i kommunerekneskapen – rammeområde felles, samla 350.000 for 2014.

3. Ein foreslår å vidareføre siste års løyving/pott på inntil kr. 200.000,- til løpande annonsering av tomteareal, av kommunale arrangement (kraftspela), støtteannonser, profilerings tiltak og representasjon delegert til rådmann/ordførar i fellesskap. Denne posten er og viktig med tanke på ekstra fokus folketalsutvikling og det er her kommunen sin finansieringsdel kring kraftspela vert finansiert. Tiltaket vert ført under konto 11403, teneste 32504 i kommunerekneskapen – rammeområde felles.
4. Det ligg i budsjettframlegget inne midlar til næringsarbeid under rådmannskontoret med kr. 100.000. Teneste 12001 rådmannskontoret i kommunerekneskapen – rammeområde administrasjon. Dette er midlar som vert tilført driftsbudsjettet til kommunen.
5. Sertifikatordninga – vidareføring av ordninga. Tiltaket vert ført over teneste 18006 – rammeområde felles – budsjett tilpassa reelt behov. Det er lagt opp til nye kurs etter behov, slik at tilbodet vert vidareført i tråd med intensjonen.
6. Kommunen står fritt til å tilføre fondet renteinntektene av utlån frå kraftfondet og bankinnskot. Budsjettframlegget til administrasjonen inneber at renteinntekter (fondsmidlar) kalkulert til kr. 50.000 blir tilført kommunen sitt driftsbudsjett. Tiltaket vert ført under konto 19006, teneste 32504 i kommunerekneskapen – rammeområde felles
7. Ein har lagt inn ein post relatert til fleire forhold om medfinansiering av nye bustadforemål som saman med etableringstilskot, kommunale avgifter og tilknytingsavgifter dannar grunnlag for realisering av ein del prosjekt. Dette er forhold som ligg i kommunen sitt investeringsbudsjett, som vert delfinansiert med bruk av fond. Det er sett av ein del unnytta midlar tidlegare år, slik at denne summen vert redusert som løyving i 2014 budsjettet.

8. Det ligg inne midlar til elevbedrift – kr. 20.000. Tiltaket vert ført over teneste 18006 – rammeområde felles
9. Kraftfondstyret har vedteke ei ordning med tilskot mjølkekvotar – omfanget av kjøp har svinga, med gradvis minka. Stor løyving i 2013. reknar ikkje med at det dukkar opp så mange søknader i 2014. Tiltaket vert ført under teneste 32504 i kommunerekneskapen – rammeområde felles. Ein har ein unytta pott landbrukssaker som evt. kan nyttast i 2014
10. Andre nærings tiltak, gjeld løyving til GMU med kr. 250.000 for 2014.
11. Det er sett av ein stort pott til ordning med etableringstilskot – ut i frå pågang og førespurnader siste åra, samt at tilskotet kan knytast til pkt. 4 medfinansiering nye bustadfelt.
12. Utvida rutetilbod for kabelferja Masfjordnes – Duesund, kommunal finansieringsdel, tidsavgrensa og ein legg til grunn at kommunal finansieringsdel ute i 2014 (løyving tidlegare på omlag 37.000).
13. Søknad om støtte (lån & tilskot) gjennom kraftfondet frå næringslivet har gått ned, og årlege tildelinga små. Ut i frå prioritering av Masfjordsambandet og breiband/mobildekning framover, vert denne potten redusert betydeleg for 2014, og sett til kr. 80.000,-. Dette er i tråd og med off.myndigheiter sine tilrådingar jf. off.støtte og EU, kor fellestiltak blir prioritert framføre direkte støtte/tilskot til enkelt bedrifter.
14. Breiband/mobildekning – KS sak 42/13 med kommunal eigendel (1/3 av totalkostnad) brutto med inntil 1,7 mill.kr. fordelt over 3 år, og kor 400.000 er innarbeidd i budsjettframlegget for 2014

Tabellen under summerer opp tekstdel under pkt. 1-14 for 2014, og med referanse budsjett 2013, og siste års avlagde rekneskap, samt inntektsføresetnadene.

	Budsjett	Budsjett	Rekneskap	Rekneskap	Rekneskap
	2014	2013	2012	2011	2010
Inntekter:					
Påfyll kraftfondet - konsesjonsavgift	-2 600 000	-2 600 000	-2 599 156	-2 599 156	-2 575 923
Avdrag og rente utlån frå kraftfondet	-140 000	-190 000	-944 624	-175 642	-159 288
Renteinntekter, fondsmidlane	-10 000	-10 000	-65 094	-21 295	-10 064
div. inntekter/sal av turbok./ref. HFK	0	0	-417	-1 346	-520
Sum inntekter	-2 750 000	-2 800 000	-3 609 291	-2 797 439	-2 745 795
Utgifter:					
Masfjordsambandet - brufond jf. KS 45/12	1 000 000	1 000 000	1 000 000		
LVK, regionrådet, m.fl. – tilskot/kontigent 2013	350 000	250 000	370 014	324 482	269 441
Kraftspel, annonsering tomter/profilering av kommunen/div	200 000	200 000	429 463	485 682	115 585
Informasjon/heimesida/Masfjordingen	0	0	0	0	0
Næringsarbeid innan kommuneadminstrasjonen	100 000	100 000	100 000	100 000	100 000
Sertifikatorndinga	30 000	30 000	15 875	45 000	3 000
Netto tilføring kommunen´s driftsbudsjett 32504	50 000	50 000	114 771	50 000	0
Tilrettelegging bustadførsmål	150 000	350 000	0	300 000	500 000
Elevbedrift	20 000	20 000	0	0	0
mobil/breibanddekning (2011:Nuten, K-sak 53/11) EK	400 000		0	221 902	
Mjølkekvotar jf. vedtekne ordning	0	0	0	0	14 940
Landbrukstiltak	0	0	0	0	0
Andre næringstiltak - (GMU med 250.000)	250 000	250 000	280 000	310 000	100 000
Kabelferja - vidare finansiering av utvida rutetilbod	0	37 000	34 768	33 934	27 778
Etableringstilskot	120 000	160 000	70 000	160 000	120 000
Frie fondsmidlar til fordeling	80 000	353 000	20 000	70 000	530 000
Sum utgifter	2 750 000	2 800 000	2 434 891	2 101 000	1 780 744

KONKLUSJON

Det vert lagt fram eit balansert 2014 budsjett for kraftfondet, som tek høgde for storsatsinga kring Masfjordsambandet, og løyving med 1 mill.kr, samt satsing på betra mobil- og breibanddekninga i kommunen. Erfaringane dei seinare år, er at kraftfondet har hatt større mindreforbruk – slik at konsekvensane for dei andre føremåla inn under kraftfondet ikkje vert så store jf. siste års løyvingar og bruk.

MASFJORDEN KOMMUNE

Sakspapir

SAKSGANG			
Politisk organ	Møtedato	Saksnr	Sakshands.
Teknisk utval	15.10.2013	013/13	Anne Kristin Rafoss
Kommunestyret	31.10.2013	057/13	Anne Kristin Rafoss

Arkiv: GNR-50/4, N-504

Arkivsaknr.: 10/504

SAK 057/13 - REGULERINGSENDRING FOR FAGERBOTN HYTTEFELT - STORDALEN - GODKJENNING AV PLAN

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

I medhald av plan- og bygningslova § 12-12 vert reguleringsplan for Fagerbotn hyttefelt – reguleringsendring – godkjent slik han ligg føre.

Rådmannen frå fullmakt til å oppdatere reguleringsplankartet når kommunen har motteke koordinatar for 22 kV jordlina.

Finansiering: ingen kostnad

Heimel: plan- og bygningslova

[Skriv inn tekst] [Skriv inn tekst] [Skriv inn tekst]

TU-013/13 TILRÅDING TIL KOMMUNESTYRET:

I medhald av plan- og bygningslova § 12-12 vert reguleringsplan for Fagerbotn hyttefelt – reguleringsendring – godkjent slik han ligg føre.

Rådmannen frå fullmakt til å oppdatere reguleringsplankartet når kommunen har motteke koordinatar for 22 kV jordlina.

Det skjedde i Teknisk utval den 15.10.2013:

Rådmannen sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

[Skriv inn tekst] [Skriv inn tekst] [Skriv inn tekst]

KS-057/13 VEDTAK:

I medhald av plan- og bygningslova § 12-12 vert reguleringsplan for Fagerbotn hyttefelt – reguleringsendring – godkjent slik han ligg føre.

Rådmannen frå fullmakt til å oppdatere reguleringsplankartet når kommunen har motteke koordinatar for 22 kV jordlina.

Det skjedde i Kommunestyret den 31.10.2013:

Tilrådinga frå Teknisk utval vart samrøystes vedteke.

SAKSTILFANG:

Nr	T	Brevdato	Avsender/Mottakar	Tittel
4	I	14.09.2011	Sunnfjord Geo Center	Rapport skredfarevurdering Fagerbotn
20	U	18.06.2013	48 mottakere...	Melding om politisk vedtak - reguleringsendring Fagerbotn hyttefelt, Stordalen - høyring og offentlig ettersyn av planframlegg
21	I	24.06.2013	Statens vegvesen	Reguleringsplan Fagerbotn - Stordalen - høyring og offentlig ettersyn
22	I	11.07.2013	BKK Nett AS	Innspeil til reguleringsendring Fagerbotn hyttefelt i Stordalen
23	I	27.07.2013	Styret for Fagerbotn hyttefelt v/Sigmund Erstad	Reguleringsendring for Fagerbotn hyttefelt - Stordalen - høyring og offentlig ettersyn av planframlegg
24	I	07.08.2013	Hordaland fylkeskommune	Fråsegn til planframlegg til Fagerbotn hyttefelt, Stordalen, planID 126620120001
25	I	20.08.2013	Mattilsynet	Uttale til reguleringsendring for Fagerbotn hyttefelt Stordalen
26	I	20.08.2013	Endre Hodneland	Merknad til reguleringsplan for fagerbotn hyttefelt
27	I	27.08.2013	NVE	Fråsegn til offentlig ettersyn av reguleringsendring GBnr 50/4
28	I	29.08.2013	Kjell Aage Bjørnevoll	Merknader til plan for endring av reguleringsplan, Fagerbotn hyttefelt.

SAKSUTGREIING:

BAKGRUNN

Hovudføremålet med planarbeidet er å flytte 6 hyttetomter som det er frårådd å bygge på etter at det gjekk snøras i området vinteren 2011. Sunnfjord Geo Center AS har gjennomført ei skredfarevurdering av hyttefeltet og har kome med ei anbefaling om flytting av dei hytte-tomtene som ikkje er påbygd.

Det er og eit ønskje frå hyttestyret at det vert opna for vassklosett i Fagerbotn hyttefelt og at det difor vert regulert inn areal til reinseanlegg.

FAKTA

Området er i kommuneplanen sett av til eksisterande hytteområde der reguleringsplanen framleis skal gjelde. Hytteområde ligg og innafor kommunedelplanen for Stordalen vedteke i Masfjorden kommunestyre 03.02.2009 som sak 005/09 og i Høyanger kommunestyre

[Skriv inn tekst] [Skriv inn tekst] [Skriv inn tekst]

16.12.2008 som sak 08/85. Kommunedelplanen er og lista i kommuneplanen som ein plan som framleis skal gjelde. Kommunedelplanen set ei øvre grense for tal hytter i kvart hyttefelt. For Fagerbotn hyttefelt er dette talet 39.

HØYRING

Reguleringsplanen vart sendt på høyring 18.06.2013 etter vedtak i Teknisk utval 10.06.2013 som sak 009/13. Høyringsfrist vart sett til 26.08.2013. Det kom inn 8 merknader til høyringsframlegget.

UTTALE

Statens vegvesen

Statens vegvesen skriv at dei ikkje kan sjå at reguleringsendringa vil ha innverknad på trafikale tilhøve som dei skal ivareta og har ingen merknader til planframlegget.

BKK

BKK skriv at dei har ingen vesentlege kommentarar til planframlegget utanom det som alt er tatt med.

BKK skriv vidare at det er plan på å erstatte eksisterande 22 kV luftline med 22 kV jordkabel langs Bjørn West-vegen.

Rådmannen sin kommentar

Rådmannen har nyleg vore i kontakt med BKK for å få vite status på arbeidet med jordkabel. Arbeidet på grøfta på innsida av kommunevegen er starta opp, men det er ikkje lagt noko kabel endå. I bestefall vert denne lagt og innmålt før snøen kjem. Viss ikkje må ein vente til våren.

Etter dialog med BKK vart ein einige om at faresona som viser 22 kV luftline kan takast ut av reguleringsplankartet no. Det må i denne samanheng leggast til ei rekkefølgjeføresegn som seier at det ikkje kan gjevast byggløyve for dei hyttene det gjeld så lenge luftlina er spenningssatt. Luftlina vil berre vere spenningssatt fram til jordkabelen er etablert. Luftlina skal fjernast, men det er ikkje klarlagt heilt kva tid endå.

Det er avtalt med BKK at dei sender koordinatane for jordkabel når dei er klar. Dette bør då innarbeidast i plankartet; anten som ei mindre vesentleg endring eller etter fullmakt frå kommunestyret.

Styret i Fagerbotn hyttefelt v/Sigmund Erstad

Styret i Fagerbotn hyttefelt skriv av eksisterande traktorveg gjennom feltet er etablert av grunneigar men finansiert av nokre av hytteigarane i område. Kostnader ved årleg vedlikehald vert og fordelt på dei same hytteigarane. Omlegging av traktorveg med snuplass må

[Skriv inn tekst] [Skriv inn tekst] [Skriv inn tekst]

difor kostast av grunneigar. Kostnadane ved forlenging av traktorvegen vil styret i Fagerbotn hyttelag kome attende til når naudsynte løyver ligg føre.

Styret i Fagerbotn ber om at traktorveg blir godkjent til bruk av dei hytteeigarane som er med og dekkar kostnadane med etablering og vedlikehald.

Det vert og bede om at det ved oppføring av nye hytter vert stilt krav til plassering og utforming av hyttekroppen for å skjerme for innsyn til dei hyttene som alt er etablert.

Til slutt ber hyttestyret om at dei får tilsendt nabovarsel ved byggesøknad for hytter på tomtene A og B.

Rådmannen sin kommentar

Rådmannen tar merknadane som gjeld etablering og vedlikehald av eksisterande traktorveg til orientering. Rådmannen gjer merksam på at kostnadsfordelinga for forlenging / omlegging samt bruk av privat traktorveg ikkje kan avklarast gjennom plan. Dette er spørsmål som må avklarast mellom hytteeigarane og grunneigar på det privatrettslege planet.

Føresegnene inneheld formuleringar for plassering og utforming av hyttekroppen som rådmannen meiner ivaretek deler av merknaden frå hyttestyret. Når det gjeld innsyn til dei hyttene som alt er etablert, vil dette bli fanga opp av merknader til nabovarslet som følgjer byggesøknaden og rådmannen ser ikkje at det er naudsynt med fleire føresegner for dette tema.

Rådmannen gjer merksam på at hyttestyret ikkje er rettsleg part i ei byggesak som gjeld ei enkelt hytte og vil ikkje automatisk få nabovarsel ved innsending av byggesøknad. Ei vidareending / kopi av nabovarsel kan avtalast med grunneigar; men kan ikkje sikrast gjennom plan.

Hordaland fylkeskommune

Hordaland fylkeskommune skriv at dei ser det som svært positivt at kommunen tok grep og initiativ til å sikre hytter frå moglege kommande skred og har ingen merknader til planframlegget.

Mattilsynet

Mattilsynet gjer merksam på at dei ikkje har motteke godkjenningssøknad for har difor heller ikkje godkjent vassforsyningssystemet for Fagerbotn hyttefelt. Drikkevassforskrifta krev at det vert søkt om godkjenning av eit vassforsyningssystem når det forsyner minst 20 hytter. Godkjenning er ein omfattande og gebyrbelagt prosess. Mattilsynet skriv at søkjar må starte søknadsprosess for vassforsyninga snarast når det er over 20 hytter tilknytt systemet.

Rådmannen sin kommentar

Rådmannen har lagt til følgjande føresegn

Før det vert gjeve ferdigattest for dei hyttene som skal knyte seg til det private vassverket, skal det ligge føre godkjenning frå Mattilsynet på vassforsyningssystemet.

[Skriv inn tekst] [Skriv inn tekst] [Skriv inn tekst]

for å fange opp merknaden frå mattilsynet. Hyttestyret vert oppmoda om å starte nemnde søknadsprosess saman med eventuelt grunneigar og Stordalen tomteselskap.

Endre Hodneland

Endre Hodneland skriv at eksisterande traktorveg og den nye traktorvegen må likestillast når det gjeld hytteeigarane sine behov for bruk at vegane til nyttetransport og det må ikkje vere høve å køyre til vatnet.

Rådmannen sin kommentar

Rådmannen gjer merksam på at bruk at privat traktorveg ikkje kan avklarast gjennom plan. Dette er spørsmål som må avklarast mellom hytteeigarane og grunneigar på det privatrettslege planet.

NVE

NVE er nógde med at Masfjorden kommune tek tak i problemstillinga knytt til skredfare mot tidlegare regulerte hyttetomter og flyttar desse tomtene til trygge areal. NVE held fast på at det er svakheit med skredfarevurderinga at det ikkje ligg føre faresonekart.

Kjell Åge Bjørnevoll

Kjell Åge Bjørnevoll skriv at hyttene slit med for små eller inga bod for lagring av ved, utemøblar, ski etc og det bør gjevast mogelegheiter for å kunne bygge frittliggande bygg (anneks) til føremålet i staden for halvtেকkjer eller liknande tilbygg på eksisterande hytter.

Rådmannen sin kommentar

Rådmannen meiner at å endre føresegnene slik at det kan byggast frittliggjande uthus i Fagerbotn hyttefelt er ei så vesentleg endring at reguleringsplanen måtte ut på ny høyringsrunde. Endring av denne typen er heller ikkje ein del av «mandatet» for arbeidet kommunen har gjort med denne reguleringsendringa. Hovudformålet var å flytte dei hyttetomtene som låg rasutsett til trygt areal. Endringa som Bjørnevoll foreslår må eventuelt gjennomførast som ein privat, gebyrfinansiert reguleringsendring.

Rådmannen gjer merksam på formuleringar i føresegnene til kommuneplanen § 1.6:

[...]

I område for hytter der det ikkje er fastsett anna utnyttingsgrad i gjeldande plan, er utnyttingsgraden maks 20 % BYA

[...]

Det kan byggast terrasse på maks 1/3 av hytta sitt bruksareal. Bod og uthus skal vere del av hovudbygningen, jf pbl § 11-10 nr 2.

Ved søknad om utviding av eldre hytter kan maks bruksareal (BRA) på 120 m² løysast ved frittståande tilbygg der omsynet til lokal byggeskikk, estetikk og tomt tilseier at dette er tenleg.

[...]

VURDERING

Sjå rådmannen sine kommentarar over.

Endringar i reguleringsplankartet:

- Faresona på begge sider av 22 kV luftlina er tatt ut – men teksten og teiknforklaringa heng att. Faresona vil bli teikna innatt i reguleringsplankartet når 22 kV jordkabel er etablert og innmålt.

Endringar i føresegnene:

- Ny føresegn II 8
 - Før det vert gjeve ferdigattest for dei hyttene som skal knyte seg til det private vassverket, skal det ligge føre godkjenning frå Mattilsynet på vassforsynings-systemet.
- Ny føresegn VIII 2
 - Det kan ikkje gjevast byggeløyve for eventuelle hytter i dagens faresone for 22 kV luftlina så lenge denne er spenningssatt

KONKLUSJON

Rådmannen rår til at reguleringsplan for Fagerbotn hyttefelt – reguleringsendring – med reguleringsplankart og –føresegner vert vedteken slik han ligg føre.

MASFJORDEN KOMMUNE

Sakspapir

SAKSGANG			
Politisk organ	Møtedato	Saksnr	Sakshands.
Teknisk utval	15.10.2013	014/13	Anne Kristin Rafoss
Kommunestyret	31.10.2013	058/13	Anne Kristin Rafoss

Arkiv: N-504, N-TML	Arkivsaknr.: 10/759
---------------------	---------------------

SAK 058/13 - REGULERINGSPLAN FOR RØRDALEN HYTTEFELT, STORDALEN - GODKJENNING AV PLAN

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

I medhald av plan- og bygningslova § 12-12 vert reguleringsplan for Rørdalen hyttefelt godkjent slik han ligg føre.

Finansiering: ingen kostnad

Heimel: plan- og bygningslova

TU-014/13 TILRÅDING TIL KOMMUNESTYRET:

I medhald av plan- og bygningslova § 12-12 vert reguleringsplan for Rørdalen hyttefelt godkjent slik han ligg føre med følgjande tillegg:

1. Føresegn til omsynsområde H310:

«Det skal takast omsyn til skog for å førebyggje rasfare»

2. Retningsline til omsynssone H320:

«Det skal takast omsyn til skog av omsyn til jorderosjon»

Det skjedde i Teknisk utval den 15.10.2013:

Det vart diskutert i kva grad ras og erosjon kan utgjera ein fare for bygningar i området.

John Torsvik, H, gjorde framlegg om at det som eit førebyggjande tiltak vart definert reglar for fjerning av tre i området. Det vart diskutert og sett reglar for dette.

Rådmannen sitt framlegg med tilleggsframlegget frå Høgre vart samrøystes vedteke.

KS-058/13 VEDTAK:

I medhald av plan- og bygningslova § 12-12 vert reguleringsplan for Rørdalen hyttefelt godkjent slik han ligg føre med følgjande tillegg:

1. Føresegn til omsynsområde H310:

«Det skal takast omsyn til skog for å førebyggje rasfare»

2. Retningsline til omsynssone H320:

«Det skal takast omsyn til skog av omsyn til jorderosjon»

Det skjedde i Kommunestyret den 31.10.2013:

Tilrådinga frå Teknisk utval vart samrøystes vedteke.

SAKSTILFANG:

Nr	T	Brevdato	Avsendar/Mottakar	Tittel
10	U	13.06.2013	Ing. Bjørnar Vik; Hans Henrik Fanebust; Statens vegvesen Region Vest; BKK nett As; Fylkesmannen i Hordaland; Hordaland fylkeskommune; Nordhordland og Gulen renovasjonsselskap;	Melding om politisk vedtak - reguleringsplan for Rørdalen hyttefelt, Stordalen, Masfjorden kommune - utsending av planframlegg til høyring og offentlig ettersyn
11	I	24.06.2013	NVE Region Vest Statens vegvesen	Reguleringsplan Rørdalen - Stordalen - planprogram til høyring og offentlig ettersyn
12	I	15.07.2013	NVE	Fråsegn til offentlig ettersyn av reguleringsplan Rørdalen hyttefelt
15	I	29.07.2013	Fylkesmannen i Hordaland	Svar på høyring - detaljreguleringsplan for Rørdalen hyttefelt i Stordalen
13	I	29.07.2013	Fylkesmannen i Hordaland	Ved. høyring og offentlig ettersyn
14	I	07.08.2013	Hordaland Fylkeskommune	Fråsegn til reguleringsplan for Rørdalen hyttefelt, planID 126620110006

SAKSUTGREIING:

BAKGRUNN

Det vart meldt oppstart av reguleringsplanarbeid for Rørdalen hyttefelt, Stordalen. Meldinga vart kunngjort 14.03.2011 med 6 vekers frist for skriftlege tilbakemeldingar.

FAKTA

Planarbeidet er heimla i kommuneplanen vedteken av Masfjorden kommunestyre 31.05.2012 samt kommunedelplan for Stordalen vedteke i Masfjorden kommunestyre 03.02.2009 som sak 005/09 og i Høyanger kommunestyre 16.12.2008 som sak 08/85. Kommunedelplanen er og lista i kommuneplanen som ein plan som framleis skal gjelde..

[Skriv inn tekst] [Skriv inn tekst] [Skriv inn tekst]

Planarbeidet er utført av ingeniør Bjørnar Vik.

HØYRING

Reguleringsplanen vart sendt på høyring 13.06.2013 etter vedtak i Teknisk Utval 10.06.2013 som sak 008/13. Høyringsfrist vart sett til 19.08.2013. Det kom inn 4 merknader til høyringsframlegget

UTTALE

Statens vegvesen

Statens vegvesen viser til sin uttale av 08.04.11 der dei gjer det klart at Masfjorden kommune har ansvaret for trafikktryggleik og effektiv ferdsle all den tid hyttefeltet grensar til kommunal veg.

NVE

NVE skriv at i skredfarevurderinga burde arealet der det ikkje bør hoggast eller planerast vore kartfesta. Likeeins burde det vore utarbeidd faresonekart sjølv om kotetilvising er rimeleg eintydig. NVE rår Masfjorden kommune til å ta det arealet som må underleggast restriksjonar inn i plankaret og sette forbod mot slike aktivitetar som kan auke skredfaren.

NVE rår til at tryggleiksavstand på 20 meter mot elva vert markert som omsynssone i plankartet.

Rådmannen sin kommentar

Skredfarevurderinga vart utarbeidd med tanke på eit større byggeområde enn det som no ligg føre. Rådmannen merka seg og rapporten sine opplysningar om areal der det ikkje burde hoggast skog eller gjerast andre terrenginngrep. Det vart difor etablert dialog med utbyggar og basert blant anna på dei nemnde opplysningane i skredfarevurderinga, vart byggeområde for hytter redusert. Det var særleg det byggeområde som no er tatt ut som ville blitt råka av eit eventuelt skred utløyst av hogst eller terrenginngrep. Rådmannen finn difor ikkje grunnlag for å følgje rådet frå NVE på dette område.

Rådmannen har lagt faresone på 20 meter inn i reguleringsplankartet etter råd frå NVE.

Fylkesmannen i Hordaland

Fylkesmannen i Hordaland har ingen merknader til planforslaget.

Hordaland fylkeskommune

Hordaland fylkeskommune har merknader til planforslaget når det gjeld arkitektur, estetikk, landskap, friluftsliv og kulturminne. Fylkeskommunen skriv at ein i den vidare planlegginga og utbygginga må ta omsyn til utforming av bygg og fjernverknad. Føresegnene sikrar desse tema i stor grad med dei ventar at landskapsomsynet blir følgt opp i det vidare arbeidet.

Fylkeskommunen skriv at planområdet ligg innafor eit friluftsområde med svært høg regional verdi. Det er difor viking at alle byggjetiltak tek omsyn til friluftsiresser.

Fylkeskommunen skriv at det er eit kjent krigsminne innafor planområdet. Område er no regulert til vern av kulturmiljø eller kulturminne gjennom kart og føresegnar. Fylkeskommunen har ingen avgjerande merknader til dette utover at ein under opparbeiding av feltet søkjer å unngå inngrep i / skade på avgjerande andre kulturlandskapstrekk.

Rådmannen sin kommentar

[Skriv inn tekst] [Skriv inn tekst] [Skriv inn tekst]

Rådmannen tar merknaden frå Hordaland fylkeskommune til etterretning og sender oppmodinga vidare til utbygger.

VURDERING

Sjå rådmannen sine kommentarar over.

Endringar i reguleringsplankartet:

- Faresone H320 er lagt inn i plankartet med 20 m langs elva

KONKLUSJON

Rådmannen rår til at reguleringsplanen for Rørdalen hyttefelt med reguleringskart og -føresegner vert vedteken slik han ligg føre.

MASFJORDEN KOMMUNE

Sakspapir

SAKSGANG			
Politisk organ	Møtedato	Saksnr	Sakshands.
Kommunestyret	31.10.2013	059/13	Gerd Allis Håheim

Arkiv: N-	Arkivsaknr.: 13/617
-----------	---------------------

SAK 059/13 - SKRIV OG MELDINGAR

Nr	Dok.ID	T	Dok.dato	Avsender/Mottakar	Tittel
1	13/4265	I	23.09.2013	Kontrollutvalet i Masfjorden	Møteutskrift frå kontrollutvalet 23.09.13
2	13/4491	I	18.10.2013	NGIR	Referat frå styremøte i NGIR den 07.10.2013
3	13/4507	M P	23.10.2013		TU 15.10.2013
4	13/4395	I	24.09.2013	Fylkesmannen i Hordaland	Oversender desisjon - Masfjorden overformynderi - rekneskap 2012

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Meldingane vert tekne til orientering slik dei ligg føre.

KS-059/13 VEDTAK:

Meldingane vert tekne til orientering slik dei ligg føre.

Det skjedde i Kommunestyret den 31.10.2013:

Det vart delt ut bok frå LVK: Grunnbok om kraftkommunar og LVK.

Ordførar Karstein Totland gjekk gjennom skriv og meldingar.

Orientering om budsjett 2014.

Økonomisjef Kristian Moen orienterte om framlegg til balansert budsjett 2014.

Det er no lagt inn eit nett driftsresultat på ½ %, medan det er 3 % som er anbefalt i god rekneskapsskikk.

Rådmann Svein Helge Hofslundsen opplyste om at ny regjering legg fram justert statsbudsjett 8. november, og at dette kunne medføre endringar for 2014. Målet er å klare eit budsjett med netto driftsresultat på 3 %, noko som utgjer ca 6.mill. For 2014 skjer det endringa i høve føringa av momskompensasjon knytt til investeringa. Desse vart tidlegare ført i drift, og overført til investering – og dette slo ut på netto driftsresultat, og ein faktor som slo gunstig ut for netto driftsresultat, når dette no vert vekke – kan det vere at målalet på 3% bør reduserast. Dersom ein politisk ønskjer å styrkje netto driftsresultat opp mot 3%, tilrår ein at ein arbeidar mot dette målet på sikt og tek det opp i budsjettssalderinga tidleg på nyåret.

Innkomne spørsmål 31.10.2013:

Spørsmål til ordfører frå John Torsvik, Høgre:

Er Masfjorden kommune orientert om kva det nye løyvet til Alexela Sløvåg inneber og kva vilkår som evt. er gitt frå ansvarlege myndigheiter?

Svar frå ordfører:

Masfjorden kommune er ikkje orientert om dette.

Spørsmål til ordfører frå Øystein Bolset Strand, V:

Kommunestyret godkjende i møte 19.09.13 sak 041/13 områdeplan Sandnes – planområde mellom barnehagen og skulen. Kan ordfører/rådmann gje eit oversyn over kvar denne saka står no? Kva er framdriftsplanen for bygginga av gangveg og fortau? Kva innverknad får dette anlegget på budsjettet for 2014? Kortid kan dei som ønskjer å byggja setja spaden i jorda i byggefeltet nedom vegen?

Svar frå ordfører:

I morgon skal Samferdselsutvalet handsama budsjettet for fyrste gong.

Fylkestinget skal så vedta budsjettet i desember.

Vegvesenet kan starta bygging i 2014 dersom det budsjettet går gjennom.

Orienteringar frå ordfører:

- Ordfører refererte til epost frå Naturvernforbundet dagsett 31.10.2013 om at Norsk Gjenvinning Industri, Mongstad, har søkt om utslipp av poly- og perfluorerte forbindelsar, PAH og dodecylfenol til Fensfjorden.

Det låg og med uttale frå Naturvernforbundet til søknaden frå Norsk Gjenvinning.

[Skriv inn tekst] [Skriv inn tekst] [Skriv inn tekst]

Høringsfristen på dette er 4. november.

Marit Steinestø, KrF, gav uttrykk for at kommunen måtte senda inn uttale/klage på dette utsleppet.

Ordfører konkluderte med at Formannskapet skal laga ein uttale på dette.

- Det vart sendt rundt til gjennomsyn ei brosjyre om flytebrua.

- Orientering om møte i Nordhordlandstinget der framtidig kommunestruktur vart drøfta.
- Varaordførar Marit Steinestø skal møta for ordførar i regionrådet 1. nov. der denne saka skal drøftast.

Steinestø ba om innspel frå kommunestyret om kva Masfjorden kommune skal signalisera no i starten på dette arbeidet?

Etter drøfting vart det konkludert med at kommunestyret må ha ein temadag om kommunestruktur. Administrasjonen prøver å finna ein passende dato for dette.

Diverse:

Bjørn Egil Nordland, Ap, oppmoda administrasjonen om å få tak i så mykje stein frå BKK som mogeleg til vegar og andre ting ein treng steinmassar til.

Marit Steinestø, KrF opplyste om at frist for innsending av innspel til kulturplanen på fylket er i slutten av november.

Ho spurde om kva som er gjort med tanke på innspelet Stølsheimen opplevingssenter ein hadde i kulturplanen på fylket?

Tove Kristin S. Tistel, V, synte til tidlegare kommunestyremøte den 12.06.13 der det i innspel frå KrF vart etterspurd ei brei vurdering av samanslåing av ungdomsskular.

Kva er status på den saka?

Rådmann Svein Helge Hofslundsengen svara at det føreligg ikkje noko formell bestilling på utgreiing av skulestruktur, men at ein legg opp til oppstart av oppvekstplan i formannskapsmøte i desember, kor tema skulestruktur er eit naturleg tema.

Willy Borge, Frp, spurde om status for fast vegdekke på vegen til Lindebotten.

[Skriv inn tekst] [Skriv inn tekst] [Skriv inn tekst]

Ordførar Karstein Totland svara at TML har vore på synfaring og det vil kosta 600.000 å få fast dekke på vegen. Dette er ei budsjettsak og det er teknisk som må prioritera kva vegar som skal få fast dekke.

Wenke Ekren, H, spurde om status på vidare drift av tannklinikken på Sandnes når noverande tannlege sluttar neste år.

Skriv og meldingar vart samrøystes teke til orientering.

MASFJORDEN KOMMUNE

Sakspapir

SAKSGANG			
Politisk organ	Møtedato	Saksnr	Sakshands.
Kommunestyret	31.10.2013	060/13	Gerd Allis Håheim

Arkiv: N-	Arkivsaknr.: 13/616
-----------	---------------------

060/13 DELEGERTE VEDTAK

DRÅD. 002/13: Melding om vedtak - landingsløyve for helikopter i Nørlandsdalen gnr 27

Masfjorden kommune gjev Leif Nordland landingsløyve ved parkeringsplassen i Nørlandsdalen og på stølsområdet på Nørlandssetra i samband med frakt av naudsynt materiell til arbeid med stølshuset. Løyvet gjeld frå 22.06.2013 til 02.07.2013 og skal vere med i fartøyet under oppdraget.

Masfjorden kommune skal ha melding om den endelege datoen for flyginga når denne er fastsett.

Leif Nordland er ansvarleg for at landings-, laste- og losseplassen er forsvarleg sikra for utanforståande medan arbeidet pågår.

Beitedyr skal ikkje uroast unødig.

Heimel: Lov om motorferdsel i utmark og vassdrag §6

[Skriv inn tekst] [Skriv inn tekst] [Skriv inn tekst]

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Delegerte saker vert tekne til orientering slik dei ligg føre.

KS-060/13 VEDTAK:

Delegerte saker vert tekne til orientering slik dei ligg føre.

Det skjedde i Kommunestyret den 31.10.2013:

Ordførar Karstein Totland sa at denne saka skulle ikkje vore i kommunestyret, men sendt til Teknisk utval for orientering.

[Skriv inn tekst] [Skriv inn tekst] [Skriv inn tekst]

**Rett utskrift av møteprotokoll frå kommunestyret den 31.10.2013 vert
vitna:**

Karstein Totland
Ordfører

Bjørn Egil Nordland
Kommunestyremedlem

Vebjørn Haugsdal
kommunestyremedlem